



## Ny nordnorsk ordbok

- Det nordnorske vokabularet viser eit sjølvbergingsamfunn, seier forfattar Ove Arild Orvik

SIDE 12-13

## Kle-deg-som-Fosse-dag

Voss gymnas laga særprega markering for å feira Jon Fosse

SIDE 11



## 100 år sidan Garborg døydde

Garborgsenteret markerer Arne Garborg heile 2024.

SIDE 14-17

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1  
februar 2024

## Nynorsktekst på norske filmklassikarar



Har ein segla på Austen, har ein opplevd mykje. Alt kan ikkje forklarast.

- Kan du tenkje deg å sjå den norske filmklassikaren *Kjærlighetens kjøtere* (biletet over) frå 1995 med undertekstar på nynorsk?
- Det kan du få høve til no. Platekompaniet og Christer Falk samarbeider om å gje ut norske

filmskattar i restaurerte utgåver på Blu-ray. Til no dreier det seg om 21 titlar teksta på nynorsk.  
■ - Målet er at alle nyutgjevingane skal ha nynorsk undertekst, seier Erik Salvesen i Platekompaniet.

Side 8-9

## Skjermopplysings-dialektikk

■ GPS er eit svært nytig verktøy for å navigere seg, men same teknologien kan også brukast til å presisjonsbombe både militære og sivile mål. Kunstig intelligens kan brukast til å forenkle ein drøss med oppgåver, men det kan også brukast til å spreie vankunne, jukse og bedra. Både dei konstruktive og destruktive bruksmåtane av teknologi eksisterer ofte samstundes.

■ Det er kjend at Sokrates var skeptisk til skriftkulturen, fordi han meinte det ville øydeleggje samtalens dialogen – som var hans metode. Han var også uroleg for at det ikkje lenger skulle vere naudsynt å hugse – ein kunne jo berre lese seg opp att! Vi kan med ganske god sikkerheit slå fast at skriftkulturen har vore eit stort gode, og det er dimed lett å le av Sokrates i dag. Men ein treng ikkje å vere reaksjonær fordi ein er føre-var til ny teknologi.

■ Det er forsking som tyder på at vi hugsar betre dersom vi noterer for hand, og vi konsentrerer oss og hugsar betre når vi les på papir heller enn skjerm. I Utdanningsnytt kunne ein no også lese at barn lærer bokstavar dårlegare dersom ein aldri har skrive dei for hand. Hjernen får ikkje nok stimuli, og det går særleg utover bokstavar som liknar, så som b og d.

■ Det er vitskapelege undersøkingar som viser at mobiltelefonar og data-maskinar endrar hjernen sjølv hos godt vaksne. Berre rusmiddel endrar hjernen i like stor grad. Det å lese og skrive er ferdigheter ein må lære, trenne og halde ved like. No veit vi at lesing og skriving på skjerm og tastatur, har negativ innverkanad på forståinga vår av språk. Dette kan på sikt gå utover skriftkulturen samfunnet er tufta på. Det vil auke forskjellane mellom dei som kan lese og skrive godt, og dei som i mindre grad kan.

■ Det er på tide å ta diskusjonen om skriftkulturens eigenverdi, og om lesinga sin plass i eit høgteknologisk og aukande digitalisert samfunn. Nei, vi skal ikkje avskaffe PC-ane i skulen, eller stogge digitaliseringa. Men ein kan bruke denne teknologien betre, og balansen mellom bruk av bok og papir og skjerm bør endrast. Dette er ikkje berre eit pedagogisk spørsmål, dette er eit politisk spørsmål om kva ferdigheter vi får i samfunnet.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Dronningens gate 22, 0154 OSLO

**Redaktør:** Vemund Norekvål Knudsen

### I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no



Altfor mange lærarar i norske klasserom er ikkje i stand til å drive opp-læring i og på nynorsk. Dét er ein **skandale**.

# Når læraren ikkje kan

■ Dette går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og det er sjølv sagt verst for allereie sårbarane nynorskelevar. Styremaktene er klare over det, og eg ventar at dei to statsrådane i Kunnskapsdepartementet tek grep. Det bør vere umogleg å sitje stille og sjå på at vi utdannar lærarar som ikkje har kompetansen som krevst.

■ Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har skrive ein rapport på oppdrag frå Språkrådet, som blei publisert før jul. Rapporten viser at nynorsken står svakt i lærarutdanningane, og at mange lærarstudentar kan fullføre studia utan å bli vurderte i nynorsk (!). Norske kommunar som tilset lærarar, veit ikkje om kandidaten er skikka til å stå i klasserommet. Slik kan vi ikkje ha det lenger.

■ Rapporten viser det Noregs Mållag har vore opptekne av og uroa for i mange år: At lærarutdanningane ikkje sikrar nynorskkompetansen til framtidige lærarar. Han slår fast at studentar som ikkje har norsk i fagkrinsen sin, svært sjeldan får vurdert nynorskkompetansen, og at dersom institusjonen i det heile tatt testar nynorskkompetanse, så skjer det i hovudsak ved heimeeksamen. Dette er alvorleg.

### ■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE  
*Leiar i Noregs Mållag*

■ Alle lærarar som underviser i norsk skule, må kunne drive opplæring i og på nynorsk. Så enkelt er det. Anten ein har norsk i fagkrinsen sin eller ikkje, er alle lærarar norsklærarar. Lesing og skriving er grunnleggjande dogleikar i alle fag. Folk flyttar meir på seg enn før. Det er ingen automatikk i at ein blir busett og tar arbeid der ein utdannar seg. Du kan ta lærarutdanning i Oslo, men bli ståande i klasserommet i Kvam. Dessutan skal alle elevar møte nynorsk anten som hovud- eller sidemål.

■ Styremaktene må på banen. Norsk må bli obligatorisk fag for dei som utdannar seg til å undervise 5.-10. trinn, og det må klare språkkar inn i rammeplanane. Ein bør ikkje få fritak i lærarutdanninga sjølv om ein hadde fritak frå vurdering i



Illustrasjonsfoto: Hege Lothe

# skrive

sidemål på vidaregåande. Dessutan bør det vere klare krav til kva skriftleg dugleik ein student skal gå ut av utdanninga med, og denne kompetansen må synleggjera på vitnemålet. Berre slik kan ein rektor vite at ho tilset ein lærar som er skikka til å vere lærar.

■ Dette blir ei viktig oppgåve for den nye statsråden for forsking og høgare utdanning, Oddmund Hoel. Han både forstår og bryr seg om problemstillinga. Som dei fleste er kjende med, er han tidlegare leiar av Noregs Mållag, og ein av dei som kjener målsaka best i kongeriket. Det kan kome godt med når han no skal treffen kongen til lunsj kvar fredag. Det er godt nytt for nynorsken i høgare utdanning at vi no har ein statsråd som veit betre enn dei fleste kva målrørsla ventar av regjeringa.

■ Ting tar tid, og eg trur fleire utdanningsinstitusjonar kan få til ei praksisendring sjølve, om det er vilje. Dei kan få på plass reglar for kor mykje vekt ein skal leggje på språk i tekstone som blir vurderte. Dei kan vektlegge nynorskdidaktikk. Obligatoriske arbeidskrav eller eksamenar kan vere på nynorsk. Dessutan kan dei synleggjere nynorsk ved institusjonen, slik at studentar naturleg møter språket i studiekvarden.

■ Institusjonane kan skape endring nedanfrå. Eit første steg er å lese rapporten frå Nynorskenteret og ta til seg tiltaka som blir føreslegne. Og dei kan ta eit større ansvar som språkpolitiske aktørar og krevje endring frå nasjonale styresmakter. Uansett kvar i landet dei held seg, må dei sikre at alle elevar får trygge og kompetente lærarar som meistrar nynorsk. Berre slik kan elevane bli sette i stand til å meistre heile den norske språkskatten.

**“Alle lærarar som underviser i norsk skule, må kunne drive opplæring i og på nynorsk. Så enkelt er det. Anten ein har norsk i fagkrinsen sin eller ikkje, er alle lærarar norsklærarar.”**

## ■ sagt

jeg begynte å skrive låter på engelsk, men det ble bare rart. Bokmål føltes også unaturlig. Derfor endte jeg opp med en blanding av nynorsk og dialekt. Nynorsken ligger jo nært opp til ålesundsdiakta og er etter min mening mer fargerikt, lyrisk og klinger bedre enn bokmål. Så selv om jeg har hatt bokmål som skriftspråk hele livet, så er det helt naturlig for meg å formidle tekstene på nynorsk, sier Lars.

**Lars Øverås  
til [bypatrioten.com](http://bypatrioten.com)**

Å skrive på nynorsk kan også være forfriskende og forløsende, for å slippe litt unna sin egen måte å skrive på.

**Geir Nummedal  
til [Forfatterforeningen.no](http://Forfatterforeningen.no)**

Som ein slags speeda Ivar Aasen samlar Oliver Lovrenski, fødd i 2003, opp orda frå gata og stappar dei ned i den litterære skreppa si. Før han drysser dei ut i avsnitt, som er akkurat lange nok til å fange merksemada til TikTok-generasjonen.

**Knut Hoem, NRK.no**

Jeg liker både tekstene og melodiene. Hans særegne stil, melankolien og bruken av dialekta si. Greit for en kar fra Kristiansund det!

**Ole Gunnar Solskjær  
om Stein Torleif Bjella til NRK**

Eg fossles Fosse

**Siss Vik**

«Eg kan finna på mykje galskap, men eg kan ikkje svikta nynorsken.»

**Jon Fosse  
til Kvinner og Klær, 2007**

– Det er kult om bøkene til Fosse gjer at det kjem fleire bøker på nynorsk. Nokre gonger når eg les bokmål, er det vanskeleg, sidan eg snakkar på ein måte som liknar meir på nynorsk

**Eleven Maisha  
til Hardanger Folkeblad**

Jeg skulle hatt to liv. Da skulle mitt neste liv vært på nynorsk

**Kalle Moene  
til Dagens næringsliv**

Ingen tar skade av å bli litt mer eksponert for nynorsk. Tvert imot er det bra for sidemålopsplæringen. Det er ikke koptisk eller latin skolene skal bruke.

**@DaveyWathne på X**

Takk for musikken, Lillebjørn Nilsen. Du var lyden av byen for fleire generasjoner. For min eigen del er eg også glad for at du viste fram kor fint det går an å kome frå Oslo og skrive på nynorsk.

**@jenskihl på X**

# Peder tek attval - kan bli den lengstsitjande leiaren i Mållaget

2023 vil for alltid bli hugsa som året Jon Fosse fekk nobelprisen i litteratur. Det blei også det høgste medlemstalet i Noregs Mållag sidan 1987, med 15 682 medlemar. **Peder Lofnes Hauge** har informert valnemnda at han tek attval.

VEMUND N. KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

■ Korleis vil du oppsummere nynorskåret 2023?

2023 var først og fremst ein fest. Jon Fosse fekk Nobelpriisen i litteratur, Mållaget sette medlemsrekord med 15 682 medlemer, og vi kjøpte kontorlokale i Oslo. Etter nesten 120 år som organisasjon, kunne sentrallekken endeleg kome i eige hus. Vi kunne ofte kjenne på at vi er vinnarlaget, og det er viktig. Det motiverer til innsats inn i 2024.

■ Kva var dei største sigrane?

- Då Stortinget vedtok ny opplæringslov, fekk endeleg ungdomsskulelevane rett til å gå i språkdelte klasser. Det har vi jobba for länge. Det er ikkje kvar dag nynorskelevane får ein heilt ny rett, som også er blitt fullfinansiert i statsbudsjettet. At vi fekk tvinga Google og andre til å produsere stavekontroll på nynorsk, var også ein viktig siger.

■ Kva var det største / dei største nederlaga?

Vi hadde venta at Stortinget skulle stille krav om nynorskversjon av digitale læringsressursar som er laga for bruk i skulen. Det gjorde dei ikkje. Konsekvensen er at nynorskelevane store delar av tida får opplæringa si på bokmål. Det går ut over lese- og skriveopplæringa og rokkar ved retten til opplæring på eige språk.

■ Korleis var Stockholm?

- Det var fantastisk! Eg trur ikkje eg klarer å skildre kor stort det var. Det var altså så overdådig pomp og prakt på nobelbanketten. Det var litt høgtid heile helga. Eg kjende det som eit stort privilegium å få vere med, men samstundes var det i sanning rett og verdig at Mållaget var til stades for å feire at ein nynorskforfattar har fått nobelprisen i litteratur.

■ Det er landsmøte i år - og du stilte til attval?

- Ja! Eg har sagt til valnemnda at eg gjerde leiaren Mållaget i to år til, dersom landsmøtet er nøgd med jobben eg

har gjort og ynskjer meg vidare. Eg har verdas kjekkaste jobb. Det er fest og strid om kvarandre, og det kjenner godt å arbeide med noko som er så viktig og som betyr så mykje for så mange.

■ - Kva bringar 2024 for Mållaget og nynorsk? Kva saker skal prioritast med deg i to nye år?

- Vi skal ta med oss det positive frå året vi har lagt bak oss, og krevje meir. Eg håpar å få opna språklova igjen og endra ho til det lova kunne blitt dersom dei raudgrønne hadde fått gjennomslag i opposisjon. No styrer dei landet og har makta til å gjere lova betre for nynorsk. Vi skal også gjere ein jobb der vi ikkje kom heilt i mål med opplæringslova - slik at nynorskelevane får møte nynorsk i digitale lærermiddel og læringsressursar. Og så håpar eg vi kan få gjort noko med lærarutdanninga. For mange studentar går ut i skulen utan å kunne drive skikkeleg opplæring i og på nynorsk.

- Arbeidsprogrammet er fireårig, og det er to år igjen. Vi har alt kunna krysse av for veldig mange ting, og skal halde fram med høgt tempo i åra som kjem.

■ - Dersom du sit ein periode til, vert du den lengst sitjande mållagsleiaren nokon gong. Er det noko du har planlagt?

- Det var i alle fall ikkje planlagt då eg blei leiari, men det er klart at det hadde vore stas. I mi leiartid har eg hatt to foreldrepermisjonar og vi har vore gjennom korona med nedstenging og reiserestriksjonar. Desse fire åra har gått altfor fort, og eg føler eg har masse meir å gje for Noregs Mållag.

■ - Sist du stilte til dette intervjuet i fjor, sa du at Jon Fosse var den «nynorskingen» du helst ville stått fast i heisen med. Fikk du stått noko i heisen med Fosse i Stockholm, eller står du framleis ved dette svaret?

- Nei, han hadde meir enn nok på programmet den helga. Det var eit godt svar sist, så eg held meg til det i år også, eg.

■ Redaktørmerknad: Dersom Hauge får attval, vil han ha hatt vervet i 6 år. Det er det lengste nokon leiari i Mållaget har sete som leiari. Per dags dato er det Hans Olav Tungesvik som har hatt vervet lengst, med fem år frå 1965 til 1970. På den tida var leiariperioden eitt år, medan han no er to. Tungesvik blei altså valt som leiari fem gonger. Det vil framleis vere rekorden for mengda attval, sjølv om Hauge skulle bli den lengst-



**HENDINGSRIK LEIARPERIODE:** I den andre perioden som mållagsleiari har Peder Lofnes Hauge fått oppleve medlemsrekord, sjølvigde kontor for sentrallekken og nobelpris til ein nynorskforfattar.

# en Mållaget



**BOKMÅLET VALSAR OVER:** Det trengst ei ny dialektreising, særleg på Austlandet. Her valsar bokmålet over både bygdemåla og bymåla, sa Ingår Arnøy til dei frammøtte på Flisa skole.

## - Skal solungdialekta leve, må ho brukast

Måndag 11. desember var det møte om solung-dialekta på Flisa skole.

■ Tema var vilkår for målføra allment og solung spesielt. Samstundes vart Solør dialekt- og mållag skipa.

Ingår Arnøy frå skrivarstova i Noregs Mållag heldt ei kort innleiing. Deretter var det panelsamtale med TV2-journalist Camilla Botilsrud Sagen og lærar og barnebokforfattar Kari Bredvold.

- Skal solungdialekta leve, må ho brukast, sa Camilla Sagen i panelet.

Sagen er kjend frå God morgen Norge på TV2. I panelet prata ho om opplevingane ho har hatt som dialektbrukar på TV.

Opmøtet viste at det er engasjement og vilje for å ta vare på og styrke solungdialekta. Litt

over 30 solunger stilte opp måndagskvelden for å høre praten om dialekt. Mållaget fekk også fleire medlemer.

Kontaktperson for det nye starta Solør dialekt- og mållag er Mari B. Gundersrud. Den formelle skipinga av laget tek til med eit årsmøte seinare i år. Laget har fått hjelpe i arbeidet frå fleire kjende solunger, m.a. frå Ståle Solbakken, trenar for herrelandslaget i fotball.

### Høgtlesing på dialekt

Kari Bredvold er barneskulelærar og busett i Oslo, men er opphavleg frå Finnskogen. Ho har skrive to barnebøker om «Nissene fra Finnskogen», der all dialogen er skiven på solungdialekt. Før dialektmøtet på Flisa skole drog Kari saman med Vemund N. Knudsen og Ingår

Arnøy på barneskular i Solør og hadde høgtlesing frå siste boka om *Nissa på Finnskogen*.

Dette vart følgt opp med ein prat om dialektar. Det var fleire av ungane som var kjende med ulike dialektuttrykk, og som sa at dei snakka dialekt heime.

- Vi har berre fått positive, ja beint fram svært positive meldingar frå alle vi har møtt i Solør, seier Ingår Arnøy. Arnøy hadde samtalar med rektorar, ordførarar og næringslivsfolk, og dei tykte alle vel om at det blir arbeidd med og for solung.

- Det trengst ei ny dialektreising, særleg på Austlandet. Her valsar bokmålet over både bygdemåla og bymåla. Eg er viss på at det er mogleg å berge målføra og at vi kan skape store, sterke alliansar i arbeidet, seier Arnøy.

## Nynorskstipend til Heidi Mundal for nynorsk YouTube

Heidi Mundal (biletet) er lærar for vaksne innvandrarar som skal lære seg norsk på Ulstein vaksenopplæring i Ulsteinvik. Denne opplæringa er på nynorsk, noko som fungerer godt. Ho opplever

at mange studenter er ivrige og ynskjer å lære norsk også utanom skuletidia. Desse studentane nyttar seg gjerne av ulike læringsressursar som dei finn på nettet,

og dessverre er det aller meste av slike ressursar på bokmål.

Det vil Heidi Mundal gjere noko med. Ho er tildelt eit stipend på 50 000 kroner for å lage YouTube-videoar med tanke på å nå vaksne innvandrarar som er i gang med opplæringa si på nynorsk.

- Det er svært viktig for nynorsken at alle nynorskommunar tilbyr opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Og då bør det vere mange ressursar tilgjengelege. Vi tykkjer det er veldig bra at Heidi Mundal vil utvide mengda nynorskressursar på nettet, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

■ Noregs Mållag gjev kvart år ut to nynorskstipend på 50 000 kroner.

■ I fjor gjekk eitt stipend til Heidi Mundal for å lage YouTube-videoar på nynorsk for vaksne innvandrarar og eitt stipend til Ove Arild Orvik for å kunne fullføre Nordnorsk ordbok.

■ Prispengane er ei løying frå Kulturdepartementet og skal gå til prosjekt som fremjar nynorsk på område der han frå før er lite brukt.

■ Søknadsfrist for årets nynorskstipend er sett til 15. februar. Sjå heimesidene til Noregs Mållag for meir informasjon.



**MIDLAR TIL LESELYST:** Nasjonalbiblioteket har fordelt 28 millionar kroner i støtte til 22 utviklingsprosjekt. Illustrasjonsfoto:

Gorm Kallestad / NTB / NPK

# Bibliotek får 28 millionar ekstra

At **norske folkebibliotek** får 28 millionar kroner ekstra, håpar kulturministeren vil fremje lesing og leselyst.

■ Det er Nasjonalbiblioteket som har fordelt 28 millionar kroner i støtte til 22 utviklingsprosjekt beskrivne som nyskapande, og dessutan 47 tiltak for aktiv formidling.

– Biblioteka våre er heilt sentrale i arbeidet med å fremje leselyst i befolkninga. Midlane som

no blir fordelt, vil både bidra til å styrke biblioteksektoren samla sett og til at folk over heile landet får endå betre litteraturformidling gjennom det lokale biblioteket sitt. Med det håpar eg at fleire får lyst til å lese meir, seier kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery.

Prosjekt- og utviklingsmidlane skal i hovudsak stimulere og bidra til utvikling av nye biblioteknester, formidling av innhaldet i biblioteka og utprøving av nye samarbeidsformer.

## KI og kjeldekritikk

Eit av prosjekta som direktør for bibliotekutvikling ved Nasjonalbiblioteket, Svein Arne Tinnesand, trekkjer fram, går føre seg ved Innlandet fylkesbibliotek. Der jobbar ni kommunar saman om å få fram løysingar og tiltak for å skape leselyst og auke leseferdigheitene i utvalde grupper, med formål å redusere sosial ulikskap.

I Troms satsar fylkesbiblioteket på å utforske korleis ein kan halde på lesarane i eit livslangt perspektiv. Andre døme på kva biblioteka

snusar på, er kunstig intelligens, kjeldekritikk, berekraft og klima – der til dømes Bergen offentlege bibliotek får midlar til å lage klimafestival for barn og unge, som «arena for kunnskap og handlekraft».

Til saman søkte 240 bibliotek om midlar. Prosjektstøtta er ein del av overskotet frå spelemidlane til Norsk Tipping, og det er Nasjonalbiblioteket som har som oppdrag å dele ut midlane som er del av verkemidla til Den nasjonale bibliotekstrategien 2020–2025.

NPK

# Jan Olav Baarøy ny styreleiar i Nynorsk kultursentrum

Jan Olav Baarøy (biletet) er vald til ny styreleiar og Amela Koluder ny nestleiar i Nynorsk kultursentrum.

■ Den nye styreleiaaren vart oppnevnd som styremedlem av Kulturdepartementet med verknad frå 20. desember 2023, etter at Reidar Sandal gjekk av månaden før. Baarøy vart innstilt som styreleiar av valnemnda.

– Eg er stolt og audmijk over

oppdraget og ser fram til å utvikle Nynorsk kultursentrum vidare saman med kompetente tilsette og eit godt samansett styre. Som styre skal vi både bidra til stabil styring og god støtte for den nye direktøren og alle tilsette, og samstundes utfordre og bidra til fornying og stimulere til spanande prosjekt i åra som kjem, seier han.

Jan Olav Baarøy er fødd i Bergen i 1971, oppvaksen i Ørsta og no busett i Førde. Til dagleg er han direktør for Norsk senter for

utvekslingssamarbeid (Norec), som ligg under Utanriksdepartementet. Han har studert teologi og sosialantropologi ved Universitetet i Oslo og har ein MBA frå Noregs handelshøgskole.

I tillegg har Baarøy bakgrunn frå blant anna Kirkens Nødhjelp og Unicef. Valnemnda har lagt vekt på at Baarøy har solid utdanning og lang erfaring innanfor leiarutvikling, lagbygging, styrearbeid og samspel med offentlege etatar.





**ELEVTALET FELL:** Det er ein nedgang i det totale elevtalet i dei områda der nynorsken står sterkt. Denne nedgangen er sterkare enn nedgangen i nynorsk, viser nye tal.

## Færre elevar har ny-norsk som hovudmål

No har éin av ni elevar ny-norsk som opplæringsspråk-form. Leiar ved **Nynorsk-senteret** er ikkje overraska, men ser det òg i samanheng.

■ 11,4 prosent av norske elevar har nynorsk som hovudmål, skriv nettavisa Framtida. Det siste året har talet gått ned 0,1 prosentpoeng. Talet har gått ned sidan 2001 då det var 14,8 prosent som hadde nynorsk som opplæringsmål, ifølgje SSB.

Elevane følgjer opplæringsmålet som skulen har valt frå 1. til 7. klasse. Frå 8. klasse kan elevane sjølv velja om dei vil halda på nynorsken eller byta til bokmål.

– Det er ein nedgang, men

likevel ganske stabilt. Me ser òg av tala at det er særleg i randsoneane at nynorsk er under press. I kjerneområda står det ganske greitt til, seier leiar Synnøve Marie Sætre ved Nynorsk-senteret til Utdanningsnytt.

Om lag halvparten av elevane i Vestland og Møre og Romsdal har nynorsk som opplæringsmål i skulen. Randsoneområda for nynorsken er dalstrok på Austlandet som Hallingdal, Telemark, Gudbrandsdalen og Valdres. I Innlandet, der dei to sistnemnde dalstroka ligg, var det i 2021 8,06 prosent som hadde nynorsk i skulen i fylket. No er det 7,18 prosent.

– Det er ein nedgang i det totale elevtalet i dei områda der nynorsken står sterkt. Så det handlar ikkje nødvendigvis om ei

styrking av bokmål. Den demografiske tendensen er sterkeare enn språkskiftet, seier Sætre.

### Prosentdel elevar som har nynorsk som opplæringsspråk:

- Agder: 3,37 prosent
- Innlandet: 7,18 prosent
- Møre og Romsdal: 47,91 prosent
- Nordland: 0 prosent
- Oslo: 0 prosent
- Rogaland: 21,67 prosent
- Troms og Finnmark: 0,01 prosent
- Trøndelag: 0,01 prosent
- Vestfold og Telemark: 3,46 prosent
- Vestland: 47,92 prosent
- Viken: 0,31 prosent

## Undersøking: Nynorsken står svakt i lærarutdanninga

I ei undersøking går det fram at mange lærarstudentar kan fullföra studiet **utan å bli vurderte i nynorsk**.

■ Over 70.000 elevar her i landet skal ha undervising og oppfølging på nynorsk i alle fag, ikkje berre i norskfaget.

– Eit viktig funn i rapporten er at studentar som ikkje tek

utdanning innanfor norskfaget, svært sjeldan får vurdert nynorsk-kompetansen sin, seier Ida Marie Jegteberg, ansvarleg for undersøkinga. Ho er stipendiatur ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

– Ifølgje emneplanane vi har undersøkt, må ikkje studentane som tek praktisk pedagogisk utdanning (PPU) og lektorutdanning i andre fag enn norsk, skriva på nynorsk på noko tidspunkt

gjennom utdanninga si. Og desse studentane utgjer ein ganske stor del av lærarane i framtida, legg ho til.

Ho fortel vidare at dersom utdanningsinstitusjonane i det heile testar nynorsk-kompetansen til studentane, gjer dei det i hovudsak ved heimeeksamen. Altså ein testsituasjon utan tilsyn. Bokmålskompetansen blir testa ved skuleeksamen.

Språkdirektør Åse Wetås min-

## Ålesund er ikkje lenger verdas største nynorskkommune

Eit nesten einstemming formannskap i Ålesund har vedteke at dei ønsker ein språknøytral kommune.

Berre SV-representanten stemte imot forslaget om å gjera Ålesund til ein språknøytral kommune, skriv Sunnmørsposten.

Det er til sjande og sist kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket, men mykje tyder på at framleget frå formannskapet vert ståande.

I praksis vil det seia at kommunen skal vera språknøytral der det er valfritt for dei tilsette å bruka anten nynorsk eller bokmål. Kommunen skal også mælda seg ut av Lands-samanslutninga for nynorskkommunar.

## Årets ord er «KI-generert»

Språkrådet har kåra «KI-generert» som årets ord. Ordet betyr «laga med kunstig intelligens».

– Ordet vil truleg bli brukt meir og meir etter kvart som kunstig intelligens blir teken i bruk på fleire område, seier seniorrådgiver Dagfinn Rødningen i Språkrådet i ei pressemelding.

Den norske omsetjinga har fått fotfeste her i landet, medan nabolandar bruker den engelske forkortingen «AI» for «artificial intelligence».

Ifølgje Rødningen var «KI-generert» meir brukt enn «AI-generert» i norske tekstar.

Direktør Åse Wetås i Språkrådet er glad for at den norske forkortinga for kunstig intelligens er i ferd med å etablere seg.

– Mykje av det teknologiske språket kjem frå engelsk, og mange vil bli ekskluderte frå det offentlege ordskiftet om det ikkje blir etablert eit norsk fagspråk på dette feltet, seier ho.

Andre ord som i år vart vurderte som årets ord, var «dyrtid», «milliardærflukt», «polykrise», «demenskor», «grøn kolonialisme», «sensivitetslesar», «ultraprosessert», «planvask» og «nevromangfald».

I fjor vart «krympflasjon» kåra til årets ord.

ner om det språkpolitiske ansvaret som Kunnskapsdepartementet sit med.

– Språklova gir det offentlege eit særleg ansvar for å fremja nynorsk, som er det minst brukte av dei to norske skriftspråka. Opplæringssektoren står i ei særstilling i arbeidet med å sikra norsk som eit språk som kan nytast på alle samfunnsområde, seier ho.

Når Platekompaniet og Christer Falck samarbeider for å gje ut norske filmklassikarar på fysisk format, får filmane **undertekst på både nynorsk og bokmål**, i tillegg til engelsk. Til våren kjem andre runde av nyutgjevingane.

# Nynorsktekst på norske filmklassikarar



VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

– Planen er å ha teksting på nynorsk og bokmål på alle titlar. Til no er det 21 av 24 planlagde og utgjevne titlar som har fått undertekst på både bokmål og nynorsk, fortel Erik Salvesen, produktsjef for film i Platekompaniet.

**Fysisk format er populært**  
Christer Falck er for mange kjend frå Robinsonekspedisjonen, men han er først og fremst plateprodusent og forleggar. Han har tidlegare hatt suksess med å gje ut norske albumklassikarar på CD og vinyl. Dette var hovudinspirasjonen for filmprosjektet som no er i gang.

Veldig store delar av den norske filmarven ligg i dag i arkiva til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. Der er det mange titlar som ligg bortgøymd – kanskje gløymd. For å gjere den norske filmhistoria og skjulte skattar tilgjengelege for nye generasjinar av sjårarar og entusiastar, har Platekompaniet og Christer Falck gått saman for å gje ut norske klassikarar i restaurerte utgåver på Blu-ray.

– *Er det ikkje litt gamaldags å gje ut film fysisk?*

– Det er ein myte at det fysiske salet av film er dødt. Omsetninga på sal av fysisk film er framleis på mange millionar i året. 35 prosent av den totale omsetninga vår, er faktisk sal av film. Og dette har halde seg sta-

## Nynorsk teksting

### ■ Desse filmane kom i desember:

- De dødes tjern* (1958)
- Knutsen og Ludvigsen* (1974)
- Den forsvundne pølsemaker* (1941)
- Bryllupsfesten* (1989)
- Reisen til julestjernen* (1976)
- Vi gifter oss* (1951)
- Den brysomme mannen* (2006)

### ■ Desse kjem i april:

- Ung flukt* (1959)
- Bør Børson jr.* (1974)
- Adjø solidaritet* (1985)
- To mistenkelige personer* (1950)
- Bobbys krig* (1974)
- Over grensen* (1987)
- Bør Børson II* (1976)
- Kalde spor* (1962)
- Arven* (1979)
- Kjærighetens kjøtere* (1995)
- Op med hodet!* (1933)
- Heksene fra den forstenede skog* (1976)
- Balladen om mestertyven Ole Høiland* (1970)
- Fedrelandet* (2023)



**NYNORSK-SIGER:** Å få filmar underteksta på nynorsk, er sjeldan vare. Dette er eit stor framsteg for nynorsken, meiner Eirik Ulltang Birkeland.



**IDEALIST:** Erik Salvesen i Platekompaniet seier filmklassikar-prosjektet er drive av mykje idealisme og folkeleg entusiasme for film.

– Vi både trur og håpar at den norske filmklassikarserien vår er i ferd med å opne ein del auge både for norsk film og det fysiske formatet, legg han til.

## Nynorsktekst

Eirik Ulltang Birkeland jobbar frilans som omsetjar og språkkonsulent, og fekk med seg filmklassikarprosjektet gjennom bror sin. Han tilbydde seg å tekste filmane på nynorsk, og no har han teksta 21 av 24 titlar. *Norsk Tidend* tek kontakt over mobil.

– Tre av dei første filmane var komne for langt i prosessen til at det var mogleg å tekste dei på nynorsk. Men frå no av er målet

at alle titlane skal bli teksta på nynorsk, seier han til *Norsk Tidend*.

Som filmentusiast og målmann var det fleire grunnar til at han ville bli med på prosjektet.

– Eg ønskte å vere med på å gi nyare generasjonar moglegheit til å sjå norske klassikarar, der fleire av dei har vore utilgjengelege lenge. At desse kjem med nynorsk undertekst, er ei kjempesak for nynorsken. Dette ville eg vere med på.

– *Kan du seie noko meir om nynorskundertekstinga? Kva former og ideal tekstar du etter?*

– Eg er frå Førde, så nynorsken speglar naturleg nok dialekta. Då blir det ein slags



**DE(I) DØDES TJERN:** André Bjerke var aktiv riksmålsmann. Når filmatiseringa av romanen «De dødes tjern» kjem på nytt på blu-ray, kjem han med nynorsk undertekst som eit alternativ.

midtlinenynorsk, med eit lite knepp mot det meir konervative. Så lar eg gjerne ordvala spegle det som blir sagt i filmen.

Birkeland fortel at han ikkje har noko system eller mal på nynorskformene utover dette.

– Kjem det filmar med meir nynorsknære dialektar, må ein jo gjerne tilpasser ordvalet noko. I filmen *Bør Børson*, til dømes, er det jo trønderdialekt og mykje song. Det kan bli interessant å sjå korleis eg løyser det. Så det er vanskeleg å seie noko om generelt formval.

– Omset du frå bokmål, eller tekstar du frå start på nynorsk?

– Dersom det finst eit bokmålsgrunnlag, tek eg utgangspunkt i det, men eg gjer også tilpassingar der det er naudsynt.

Då Norsk Tidend spør Erik Salvesen om haldningane til nynorsk underteksting, fortel han det berre var positive reaksjonar på at Birkeland ville tekste filmane på nynorsk.

– Det var noko vi var svært positive til, og som vi synest er kjekt. Det er vel berre i NRK ein kan finne filmar med nynorsk undertekst. Det er vel naturleg at eit prosjekt som dette får

nynorsk undertekst, når ein får moglegheita Eirik gav oss.

#### Folkefinansiering

Platekompaniet er ein privat og kommersielt driven aktør, og dei er avhengige av at filmklassikar-prosjektet går i null eller i pluss for å vere berekraftig. Difor har dei gått for ein folkefinansieringsmodell, altså at interesserte donerer eit beløp for at kvar enkelt titel skal bli realisert. Dei som bidreg, får eit eksemplar av filmane når det er klart.

– Folkefinansieringa går berre til å dekkje produksjonen av blu-ray-utgjevingane. Det vi sel etter finansieringa, er det som betalar for arbeidet vi legg ned i dette. Det er mykje meir idealistisk enn det vi elles driv på med, fortel Salvesen.

Filmane blir gjevne ut i puljar: Først var det 10 filmar, og no til våren kjem dei neste 14. Kva filmar som blir plukka ut til å bli gjevne ut på ny, er avhengig av kva som får finansiering, men også kva filmar som blir etterspurde av folk.

I Facebook-gruppa «Norske filmklassikere» er det over 12 000 medlemer. Her er det generelt mange diskusjonar om film, men det er også ein kanal som blir brukt som ein temperaturmålar på kva filmar

som er ønskte som dei neste i Norske filmklassikarar-serien.

#### Jaktar på rettar

Der ei musikkutgjeving ofte har éin eller få opphavspersonar og eitt plateselskap som sit med rettane, er det fleire aktørar involverte i filmproduksjon. Ein har regissøren, produsentane, produksjonsselskapene og distributøren, for å nemne nokre. Når det kjem til fysiske utgjevingar som skal til sals, er det som oftast distributøren som sit med rettane.

– Vi har no ein avtale med Norsk filmdistribusjon, som sit på om lag 300 titlar av totalt 1200 langfilmar på norsk. Vi er i dialog med Svensk Filmindustri (SF) og Nordisk film også, og det er ein heil haug av filmar som ikkje har ein distributør i dag. Vi byrjar med dei filmane der vi veit kven som er distributør – det er lågt hengande frukt, seier Salvesen.

– Har de planar om å gje ut TV-seriar også?

– Det blir nok ikkje aktuelt å gje ut TV-seriar under Filmklassikar-fana. Men det er ei handfull folkekjære norske TV-seriar vi gjerne skulle gitt ut i ei eller anna form i andre samanhengar, forklarar Salvesen og trekker fram *De Syv Søstre* og *Hos Martin* som to seriar han gjerne skulle ha sett på fysisk format.

## ■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR  
Leiar i kringkastingsringen

## 40 år med færøysk fjernsyn

**Kringvarp Føroya**, den færøyske allmennkringkastaren, feirar i desse dagar 40 år med offentleg finansierte tv-sendingar. Me gratulerer!

■ Dei fyrste ordinære tv-programma kom inn i dei færøyske heimane i 1984. Radioen, Útvarp Føroya, hadde vore på lufta sidan 1957, men fekk fyrst uthausten for 40 år sidan selskap av eit tilsvarande fast fjernsynstilbod. Etter oppstarten av selskapet Sjónvarp Føroya i 1983 og prøvesendingar på våren 1984, kom dei regulære sendingane i gang frå 1. september. Inntil då fanst ikkje profesjonelt fjernsyn på færøysk, og opninga kom lenge etter dei fyrste fjernsyns-sendingane frå allmennkringkastarane i Danmark (1954), Sverige (1956), Noreg (1960) og Island (1966).

■ Meir eller mindre lovlege private tiltak, sjónvarpsfeløg, hadde halde på nokre år i forkant. Sendingane fekk mykje merksam, men laga hadde ikkje utstyr eller ressursar til å gje eit fullgott tilbod, slik grannelanda hadde hatt lenge. Særleg prekært var det å sikre eit færøyskspråkleg tilbod, for med liten folkesetnad var det alltid fare for at tilfanget heller var på eit av dei større nordiske språka.

■ Utover på 80-talet kom det naudsynte politiske initiativet. Sjølv om investeringane var relativt store for ein liten økonomi, tok det tid å stable på beina eit skikkeleg apparat. Med allereie frå byrjinga var nyheitssendingane Dagur og vika, men med tida har produksjonen auka stort, særleg med program om kultur, natur og folkeopplysing. Fjernsynet har også lenge vore flinke til å vise fram folkelivet på øyene, med musikk, dans og historiefortelling. Språkpolitikken var aktiv frå starten, med raskt inntak av færøyske nyord frå fagmiljøet på Fróðskaparsetrinum, universitetet i Tórshavn. Med eigne produksjonar og dubbing er store delar av programmeinga i dag på færøysk.

■ Landsstyret samla radioen og fjernsynet i Kringvarp Føroya i 2005, og dei fungerer no under ein liknande modell som NRK, men framleis med øyremerkt kringkastingsavgift over skattesetelen. Frå ei handfull fjernsynsfolk i 1984 har staben vakse til totalt 80 faste stillingar i Kringvarpið i 2024.

■ KVF har produsert ein dokumentar om oppstarten under namnet 1984. Han er å finne på kfvf.no.



## Trønderlagets målpris til Erlend Skjetne

Trønderlagets målpris går kvart år til nokon som har gjort ein stor innsats for nynorsk i Trøndelag. I 2024 går prisen til forfattar Erlend Skjetne frå Melhus. Skjetne viser eit usedvanleg talent ved å skrive kritikaroste og populære bøker i fleire sjangrar.

Trass i sin unge alder, har Skjetne allereie eit rikt forfattarskap bak seg. Han debuterte i 2019 med diktsamlinga *Skare*. I 2020 kom den sterke romanen *Kleda er gjennomvåte*. Her viser Skjetne det som er særmerkt ved forfattarskapet: å skrive om vanske-

lege menneskelege tema på ein truverdig og gripende måte. Dette ser vi både i ungdomsromanen *Eit anna blikk*, som han fekk Brageprisen for i 2021, og i diktsamlinga *Alt som skranglar* frå 2022.

Som spaltist i *Dag og Tid* når Skjetne eit nasjonalt publikum med sine personlege tekstar. Han viser at nynorsk er eit naturleg skriftspråk for oss trønderar. Som leiar i Melhus mållag har han også gjort ein stor innsats i mange år. Vi i Trønderlaget er veldig glade for å gi årets målpris til den dyktige forfattaren frå Melhus. Vi gratulerer!



## Bøker om Venneslamålet og Hæglandsmålet gratis på nett

Det er ikkje berre eitt talemål og éin dialekt i Vennesla kommune, men mange.

Vennesla dialekt- og mållag fekk for mange år sidan lagt ut boka hans til **Olav Jortveit** om Venneslamålet på den kommunale heimesida. I år har **Sig Tove Aasen** og **Oddvar Moen** skrive første utgåve av ei digital bok om Hæglandsmålet, som også ligg på heimesida.

Vi takkar eldsjeler som Olav Jortveit, Sig Tove Aasen og Oddvar Moen for det inspirerande arbeidet dei har gjort!



## Fossefeiring i heimbygda

Fosse-stiftinga inviterte eldre bygdefolk i **Fosse-grenda**, som har kjent Jon Fosse sidan han var liten, på komlemiddag i Fosse-huset. Fosse-huset er eit gamalt bedehus i Fosse-grenda, som stiftinga kjøpte for eit par år sidan. No fungerer det som kulturhus med ulike typar aktivitetar og arrangement i bygda.

Etter komlene, sessa dei seg framfor storskjerm med kaffi og marsipankake frå Kvam herad for å sjå og høyra Nobel-føredraget. Andre interesserte kom også. Kvam Mållag hjelpte til. Fosse-stiftinga hadde ope hus frå fredag til sundag og viste «Jon Fosse - Ord for ord» på NRK på storskjerm.



## Volda og Ørsta mållag

Aasentunet, Volda mållag og Ørsta mållag var lukkelege tilskiparar av **Jon Fosse-markering** den 10. desember. Dei samla nesten fullt hus i Salen på Aasentunet, der Koret **Ærvlingen** song og skodespelar **Eirik Risholm Velle** las tekstar av Jon Fosse.

Direktør ved Nynorsk kultursentrums, **Olav Øye-haug Opsvik** og nestleiar i Noregs Mållag, **Synnøve Marie Sætre** heldt talar. **Siri Beate Gjerde** presenterte forfattarskapen til Jon Fosse. Høgdepunktet var likevel då Fosse fekk tildelt Nobelpriisen, til stor applaus frå Salen på Aasentunet. Tildelinga vart strøymd på storskjerm. Seks store marsipankaker og fleire liter kaffi gjekk med.

## Hallgeir Opedal fekk Målpriisen av Odda Mållag

65 personar var til stades då Hallgeir Opedal fekk målpriisen av Odda Mållag. Det var Harald Jordal som stod for overrekkinga. Vi gratulerer Hallgeir med velfortent pris!





**SKJERFKLEDD:** Elevane ved Voss gymnas kledde seg ut som Jon Fosse ein dag. Det var mange skjerf og dressjakkars å sjå.

# Voss Gymnas feira nobelprisvinnaren med si eiga Fosse-inspirerte utstilling

Voss Gymnas innreidde skuletorget med Jon Fosse-bøker, dikt og utstilling og arrangerte «kle deg som Jon Fosse»-dag for å feira nobelforfattaren.

I skuletorget, som har blitt kalla «Grotten», heng det dikt elevane sjølv har skrive. Ulike gode krefter ved skulen har samarbeidd, og sikra Voss gymnas ein eigen kunstinstallasjon med Fosse-sitat, Jon Fosse er prega inn i pleksiglas og ein eigen Jon Fosse-pappfigur vart eit populært sjølv-motiv.

Veka før hadde Haugesenteret poesiverkstad ved skulen. Dette kom i stand som fylgje av poesitevlinga Målblomen 2023 i regi av Voss mållag. Juryen, som bestod av ein representant frå mållaget, ein frå Haugesenteret og ein norsklærar ved Voss gymnas, fekk inn mange dikt frå elevane ved skulen, og tre vinna vart kåra torsdag 7. desember.

Denne dagen var det også Fosse-fest, der elevane fekk utdelt jakkemerke med tittelen Nokon kjem til å kome og ulike merke frå mållaget. Jakkemerka var til og med godkjende av forfattaren sjølv!

Norskseksjonen var kledd sjølvproduserte t-skjorter med «Eg er ein annan» på brystet og biletet av Fosse på ryggen. Dette var del av ein «kle deg som Jon Fosse»-dag for heile skulen, og i lunsjen vanka det kvit dame til alle elevar og tilsette. I tillegg vart det kviss om Jon Fosse og nobelprisen med premierung, og vinnarane av poesitevlinga vart kåra. Mållaget hadde stand i lunsjen.

For dei tilsette som ønskte det, var det raspekaker på kafé, før dei drog til auditoriet for å sjå nobelføredraget til Fosse.

– Me la altså inn ein del arbeid i å markera denne nobelpristildelinga. Det er ikkje akkurat ofte ein norsk forfattar får denne prisen, og me tykkjer det er viktig å nyttar høvet til å løfta fram både Jon Fosse og litteraturen hans, litteratur generelt og ikkje minst ha fokus på nynorsken, seier Gro Prestegard Gjeraker, norsklærar



**NYTTA HØVET:** Lærarar ved Voss gymnas nyttar nobelprisen til å snakka om nynorsk og løfta fram litteratur generelt. Det er utan tvil blitt fleire Fosse-fans blant lærarane i landet no.

ved Voss gymnas til Norsk Tidend.

– Eg kan jo leggja til at mange av klassane på skulen har lese eitt eller fleire verk av Fosse i

løpet av hausten. Målet er at alle elevar ved Voss gymnas skal kjenna til Jon Fosse, og me trur me har nådd målet!

**Utenfor Allfarvei  
forlag**

- Forlaget blei stifta i 2015.
- Har som mål å vere ei røyst frå Nord-Noreg som gir ut bøker om nordnorske forhold eller frå nord-norske forteljarar.
- Prioriterer i hovudsak fotodokumentar, debatt-, fakta- og biografiske bøker. Har frå 2022 også satsa på skjønnlitterære bøker.
- Forlaget vil bruke nordnorske skribentar, fotografer, designarar og andre bidragsytarar, der det er mogleg.
- Forlaget ønskjer å skape positive ringverknader i det nordnorske samfunnet, og vere med på at formidlinga om og frå Nord-Noreg blir betre og meir nyansert.

**Ove Arild Orvik**

- Fødd 1952 og er oppvaksen på Otrøya i Romsdal.
- Er busett i Sortland
- Har skrive diverse bøker frå Romsdal og Vesterålen på sida av jobben som norskektor i vidaregåande skule.
- Har skrive ordbøker, mellom anna Kystspråk, der han samanliknar språk om fisk, hav, båt osb. på Aust-Island, i Vesterålen og Romsdal.
- Har også skrive tre ordbøker med ord frå Romsdalen og to frå Vesterålen.
- *Nordnorsk ordbok* er den sjette ordboka hans.

**Hallfrid  
Christiansen**

- Fødd 1886 på Gimsøya i Lofoten, død 1964
- Tok examen artium som 39-åring, og kunne endeleg realisere drømmen om å studere.
- Ho var innom norsk, tysk, gammalgermanskk, sanskrit og gresk.
- Leverte ei oppgåve om Gimsøy-målet i 1931, som blei utvikla til ei avhandling ho disputerte for i 1935.
- Sjølv om ho førelas i Oslo og Bergen, fekk ho aldri fast stilling i akademia.
- Døydde i 1964 etter sjukdom.

*Nordnorsk Ordbok. Arven etter Hallfrid Christiansen* inneheld nærmare 7000 nordnorske ord og er med det den største samlinga av nordnorske ord som nokon gong er utgjeven. Norsk Tidend tok ein prat med forfattar **Ove Arild Orvik**.

# 7000 nord-norske ord

VEMUND N. KNUDSEN

vemund.knudsen@nm.no

- Denne boka er som ein eksamen for meg, seier Orvik, som tidlegare har gitt ut fem andre ordbøker.

Ove Arild Orvik bestemte seg for skrive bok etter han var på eit føredrag med Gunnstein Akselberg om Hallfrid Christiansen i 2018.

– Då var eg så dum at eg rekte opp handa og spurte om ikkje materialet ho hadde samla inn, burde bli gjeve ut. Det syntest Akselberg var ein svært god idé, seier Orvik lattermildt.

– Etter det let eg det ligge eitt års tid, men frøtet var jo sådd. Så sjekka eg kva moglegheiter eg hadde for å få tak i materialet, og så var eg i gang.

Dei neste fire åra gjekk til turar til Bergen, Riksarkivet og Universitetet i Tromsø. Orvik var på det tidspunktet i ferd med å avslutte karrieren ved Sortland vgs. Etter han gjekk av med pensjon, har han drive med ordboksarbeid nesten på fulltid.

– Eg har vel i snitt kanskje jobba 6 timer dagleg med dette i fire år, fortel Orvik.

**Arbeidet til Hallfrid Christiansen**

Den førre nordnorsk-ordboka var *1000 ord i nord* skriven av Eli Johanne Ellingsve og utgjeven i 2012. Denne inneheldt

**krine** [kri:’na/kri:’ne] f kamliknande reiskap av tre bruk til å lage mønster i lefse før steiking. Kunne også bli brukt til anna dekorering. Vanleg.

**krinel** [kre:’nel] n fattigmann. Sør-Rana: *Krenel e de mæst oråā bakværk så vi har.*

**krinelefse** [kri:’nälæfsa] f påsmur lefse. Vanleg.

**kringga** [krenŋ̊’gan] v gå rundt noko i ein slutta sirkel. Salten.

**LOKALT:** Ordboka viser uttale, bruksdøme og kvar i Nord-Noreg ordet er henta frå.

Foto: Bente Støckert Benjamin

– som namnet seier – 1000 nordnorske ord. Orvik har prata med Ellingsve, men ikkje samarbeidd noko utover det, fortel han til *Norsk Tidend*. Det aller meste av materialet i *Nordnorsk ordbok* er henta frå Hallfrid Christiansen.

– Dette er i all hovudsak arbeidet til Hallfrid. Det er hennar innsamlingsarbeid som no er gjeve ut i bokform. Ho kom seg aldri til Finnmark for å

samle inn ord, så eg har tillate meg å hente ein god del ord frå Finnmark frå *Norsk Ordbok*, litt frå heftet med finnmarksord av Harald Barbala, og nokre ord frå boka til Eli Johanne Ellingsve. Boka tel no ein plass mellom 6000 og 7000 ord, seier Orvik.

Dette ordtilfanget gjer *Nordnorsk ordbok* til den største samlinga av nordnorske ord som nokon gong er utgjeven.




Foto: Privat

Hallfrid Christiansen (1886–1964) var fødd på Gimsøy i Lofoten. Ho disputerte i 1935 med ei avhandling om Gimsøy-målet, og drøymde om å gje ut ei nordnorsk ordbok. Sjølv om ho førelas i Bergen og Oslo, blei ho aldri akademikar på fulltid, noko som kanskje er medverkande til at ordboka aldri kom, spekulerer Orvik.

– Karrieren hennar blei for kort. Ho disputerte for doktorgraden då ho var 49 år gammal, og det skjedde mykje i privatlivet. Ho fekk ikkje studert før seinare i livet, ho mista to ektemenn og dreiv med mykje anna enn rein språkforsking, sidan ho ikkje var fulltidsakademikar. Livet skjedde, rett og slett.

Christiansen hadde eit anna språksyn enn det som var rådande i akademiske kretsar på den tida. I tillegg var ho kvinne. At ho kom så langt som ho gjorde, er slik sett ei imponerande forteljing i seg sjølv.

Då ho døydde, gjekk mate-rialet hennar til Universitetet i Oslo. Som ein del av arbeidet med

Norsk Ordbok, ferdigstilt i 2014, blei det oversendt til Bergen.

#### Dialekt i endring

– Arbeidet med boka har tatt fire år. Kva har arbeidet bestått av?

– Ein må først ha inn orda. Dei har inntil no vore spreidde enkeltvis i ulike ordbøker. I 2014 kom dei inn i Norsk Ordbok. Det å finne alle orda var ein stor del av arbeidet.

– Deretter må ein ha forklaringar på kva orda tyder, og så må ein skrive dei i lydskrift, slik at uttalen vert riktig. Ein del av arbeidet var å finne ut korleis ein uttalte orda, for dette mangla enkelte stader.

Ove Arild Orvik fortel at han har vore i kontakt med og vitja ulike personar og historielag i heile Nord-Noreg for å kontrollere og finne ut av korleis ord skal uttalast.

– Uttalen har endra seg sidan Hallfrid Christiansen samla dei inn. Og det har vore tydelege endringar i dei nordnorske dialektane dei siste tiåra.

Orvik fortel at han har ønskt å la uttalen av orda vere skrivne

slik dei blei uttala då Christiansen samla dei inn. Dette er for å vise dei nordnorske dialektane slik dei var rett før og dei første tiåra etter krigen, og vonleg hente fram igjen ord og uttrykk som for nokon kan vere gløymde.

Til dømes viser lydskrifta stor grad av palatalisering, som er eit språkleg fenomen som er på sterkt vikande front i Nord-Noreg.

– Det mest spennande og lærerike med å setje seg inn i ordomfanget, har vore å sjå kva det seier om Nord-Noreg som eit geografisk område og som samfunn. Det er tydeleg at mange ord stammar frå eit sjølvergingssamfunn og eit samfunn prega av fiske og mykje vær og vind. Dette Nord-Noreg har forandra seg mykje sidan Christiansen si tid.

#### Romsdal med kjærleik for språk

Orvik er opprinnelig frå Romsdal, og er nynorskbrukar og målmann. At han har skrive boka og ordforklaringane på nynorsk, har han ikkje møtt nokon protestar på.



**HISTORIA OM SAMFUNN:** Det nordnorske vokabularet viser eit samfunn som har vore prega av vær, vind, fiske og jakt – og eit sjølvergingssamfunn. Det viser også at det nordnorske samfunnet har endra seg, fortel Ove Arild Orvik.

Foto: Bente Stækert Benjaminsen

– Det var ingen i forlaget som kommenterte dette, og til no er det heller ingen som har uttalt seg negativt om det, seier han kontant. Samstundes er det inga hemmelegheit at nynorsk ikkje står sterkt i Nord-Noreg i dag. Eg har håp om at ved å skrive boka på nynorsk, så kan eg også eksponere fleire for nynorske ord.

Heilt til slutt spør Norsk Tidend om Orvik har funne nokre favorittord i arbeidet med ordboka. Han gir oss tre ord, som det ikkje tek han lang tid å finne fram:

Herdug. Dersom du driv med isbadning eller går i shorts om vinteren, vil ein seie at du er *hæri*.

Blåsterhol. Eit *blåsterhåll* er ein plass der det bles kraftigare eller oftare enn i regionen elles. Det er ikkje meint positivt.

Storhoggett. *Storhoggett* er det ein kallar såkalla viktige personar.

Når ein først har gjort eit så stort arbeid, og fått så mange nordnorske ord mellom to permar, så vonar eg at folk i Nord-Noreg oppdagar boka, avsluttar Orvik.



**TOSPANN:** Band 1 inneholder heile ordarkivet til Bjørn Liaklev. Orda er sorterte alfabetisk med info om uttale, grammatikk, etymologi og tyding med døme. Band 2 er sortert etter bokmålsordet, med dialektordet hadelendingane brukar.

Foto: Reidun Ramse Sørensen

## Vi plukker itte mølte på Hallann – vi pællar

Bokverket **Hadelandsdialekta** band 1 og 2, er ferdig.

■ Arbeidet har tatt tre år, og vi fire i redaksjonskomitéen er jo stolte over å ha gitt ut livsverket til lektor Bjørn Liaklev – med god hjelp av skriveføre hadelendingar. Tusen takk til dykk alle saman!

Band 1, som utkom i fjor, inneholder heile ordarkivet til Bjørn Liaklev. Orda er sorterte alfabetisk. Det er informasjon om uttale, grammatikk, etymologi og tyding med eksemplsetninger på nynorsk og bokmål. I band 2, som nett er ferdig, sorterer vi på bokmålsordet og får dialektordet hadelendingen brukar. Andre bandet har òg meir lesarvenleg, dvs. større skrift enn band 1. I siste bandet har vi òg invitert hadelendingar frå ulike grender til å skrive eit stykke på talemålet sitt. Vi ville vise fram at det er variasjonar i talemålet frå Bjoneroa og Grymyr, frå Nordre Jevnaker og Roa.

Professor emeritus Rolf Theil har vore den fagleg ansvarlege redaktøren. Rolf har dokumentert fleire språk i løpet av sitt yrkesaktive virke og kan dette med å lage ordbøker og systematisere grammatikken. Vi som seinare vart dei andre tre i redaksjonskomitéen, Bjørn Liaklev, Grethe Bøe og Reidun Ramse Sørensen, forstod ganske fort at vi glade amatørar ikkje ville greie å lage bok utan ein språk-



**POPULÆR:** Boka er populær! Her sel Reidun Ramse Sørensen og Grethe Bøe frå Hadeland dialekt- og mållag bøker på Jolemarknaden på Granavollen i fjor.

Foto: Knut Sterud

fagleg kapasitet som han. Den 8. november 2023 samla Rolf over femti tilhøyrarar i Gran bibliotek til føredrag om bokverket vårt og litt om arbeidet som ligg bak.

Nokre smakebitar frå føredraget høyrest slik ut:

«Kjemmer» seier ikkje berre hadelendingen, men også folk i Sauherad og Lunde.

«Je kjæmmer itte att før tæ hæljen.» «I dag hadde je itte kommi ut omm je itte hadde hatt brødder.»

Du finn bileta til føredraget hans på heimesidene våre: <https://hadeland-dml.no/dokumentarkiv/>

No er det verdifulle og godt gjennomarbeidde materialet overført til Språksamlingane ved

Universitetet i Bergen for innarbeidning i den elektroniske og søkbare «Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet - under oppdatering». Bjørn Liaklev si samling vil bli gjort tilgjengeleg for studentar, pedagogar og alle oss som er litt over middels interesserte i dei norske dialektene.

Dei to bøkene høyrer saman. No er dei til salgs hos biblioteka i Lunner og Jevnaker, hos Hadeland Landhandel, Norli Hadeland, Brandbu Bok og Leker og hos Hadeland dialekt- og mållag.

Hadelendingane har all grunn til å vere stolte av talemålet sitt.

**Grethe Bøe og  
Reidun Ramse Sørensen,  
Hadeland dialekt- og mållag**

# Feirar i heile

Nokre hevdar at **Arne Garborg** har få like-menn når det gjeld forfattarskap. I år er det hundre år sidan han gjekk bort, og det vil bli markert gjennom heile året.

TORALF LARSEN VALLESTAD

NPK

■ – Normalt sett har ein ikkje 100-årsmarkeringar for dødsår. Men me synest likevel det er verdt å markera, seier Inger Undheim, leiar ved Garborgsenteret på Bryne, til Nynorsk pressekontor.

Sundag 14. januar er det nemleg 100 år sidan Arne Garborg (1851–1924) døydde. Litteraturfestivalen Garborgdagar går av stabelen kvart år på Bryne i tida 14. til 25. januar – som er døds- og fødselsdagen til jærforfattaren. Men i høve den spesielle samanhengen, som Undheim kallar eit «Garborg-år», blir det både eit vidare og breiare program i år.

### Kven stal treskorne?

Det fyrste arrangementet under litteraturfestivalen er ei stille markering av forfattaren i skrivestova hans i Knudaheio på Undheim, eit lite stykke utanfor Bryne.

– Men så blir det ei veke med mykje gildt, lover leiaren for Garborgsenteret.

### Arne Garborg

■ Fødd 25. januar 1851 som Aadne Eivindson Garborg i Time kommune på Jæren, død 14. januar 1924 i Asker. Grava ligg i Knudaheio, der skrivestova hans framleis står.

■ Forfattar og intellektuell som skreiv på nynorsk (landsmål).

■ Skreiv romanar, dikt, skodespel, artiklar, dreiv omsetningsarbeid og grunnla fleire avisar. Første romanen *Ein Fritenkjar* kom i 1878. Romanane *Bondestudentar* (1883), *Trætte Mænd* (1890) og *Fred* (1892) er dei viktigaste episke verka.

■ Gift med Hulda Bergersen (1962–1934).

# Garborg 2024



**KOPI:** På Jæren kan januarvêret vera surt. Men inne på Garborgsenteret kan leiar Inger Undheim by på ei flunkande ny innandørs Knudaheio-stove. Både utsida og innsida er ein kopi av originalen. Foto: Toralf Larsen Vallestad / NPK

Mellan anna opnar det ei ny utstilling på senteret som baserer seg på den gongen nokon stal treskorne til Arne Garborg frå stova hans i Knudaheio.

– Treskomysteriet har eg kalla «det fyrste nynorske escape-rommet». Det er ei utstilling der du møter ein fortvilt Arne og kona Hulda. Du må hjelpe dei ved å løysa ei rekke oppgåver for å finna skorne.

– Elles skal me ha både konserter, føredrag og debattar, seier Undheim.

Det årlege «Min Garborg»-føredraget blir i år halde av direktøren ved Nasjonalbiblioteket, Aslak Sira Myhre.

## Eit måltid for Garborg-ane

Undheim understrekar at det ikkje berre kjem til å handla om Arne Garborg den veka, men også om kona hans, Hulda. I tillegg blir det servert ein femrettars middag på ei lokal kaffi- og vinstove inspirert av rettane i boka hennar «Heimestell», den fyrste nynorske kokeboka.

Det blir også høve til å sjå ei utstilling med samtidskunst på det nedlagde Jæren Meieri. Utstillinga er eit samarbeid med Bryne kunstforeining, og Undheim trur det blir ein spennande innfallsvinkel til

Garborg og livet hans.

Jærmuseet og Time kommune har dessutan berga den originale inngangsdøra frå barndomsheimen til Arne Garborg. Døra blir no stilt ut på Garborgsenteret. I sommar opnar i tillegg fleire utstillinger både i Garborgheimen og i skrivestova i Knudaheio.

## Parallellar til notida

Gjennom litteraturfestivalen og hundreårsmarkeringa ønsker arrangørane av Garborgdagar å vidareføra og aktualisera dei temaar forfattaren sjølv var opteken av då han levde, mellom anna ytrings- og religionsfridom.

Arne Garborg tok eit oppgjer med den strengt pietistiske kristendommen han vaks opp med. I forfattarskapen sin har han brukt fleire av opplevingane sine frå barndoms- og ungdomsåra, mellom anna i verka Fred, Haugtussa og Den burtkomne Faderen.

– Det er stor semje om at Arne Garborg er ein av dei fremste forfattarane våre. Han og Hulda var òg sentrale i formainga av det moderne Noreg, og ein kan enkelt trekka paralleller til dei kampane dei kjempa, til våre dagar. Det er sjeldan ein finn ein knagg ein ikkje kan kopla Garborg på, seier Inger Undheim ved Garborgsenteret.





Inne i eit «hemmeleg» rom i skrivebordet til forfattar Arne Garborg i heimen hans på **Labråten i Asker**, ligg det ein liten revolver. Våpenet vart kjøpt då diktarhovdingen frykta for livet sitt i Paris i 1886.

# Revolveren gav Arne Garb

BENT TANDSTAD  
NPK

Jærbuen Arne Garborg budde store delar av livet i semi-urbane omgivnader på Labråten. I år er det 100 år sidan diktaren gjekk bort. Eigdommen er i dag ein del av Asker museum, og museumsstyrar Fredrikke Hegnar von Uebisch tek oss med opp i det kombinerte arbeids- og soverommet til Garborg.

Inne i skatollet på skrivebordet er det eit lite rom ein ikkje ser ved første augekast. Her ligg revolveren diktaren kjøpte i den franske hovudstaden. Det skjedde i 1886, då Garborg var på ei stipendreise. Paris var prega av grov valdskriminalitet og mange drap i denne perioden, og Garborg var rett og slett redd for livet sitt. Så redd at han ikkje fekk sove om natta.

## - Fulle av lik og blod

Slik skildrar han det sjølv i reisebrevet «Soveraader», sendt frå Paris og trykt som føljetong i avisas *Fedraheimen* 13.-20. februar 1886. Seinare har Garborgsenteret på Jæren gitt ut «Soveraader» på nytt.

«I dei siste åtte dagane har dei hatt det med å slå kvarandre i hel. Det var eit nytt mord kvar dag, og stundom vel så det, og alle blad var fulle av lik og blod og knivar og styggedom.»

Ikkje så rart, kanskje, at den elles så fredsæle nordmannen fann det naudsynt å gå til innkjøp av eit våpen han kunne forsvare seg med. Så vidt ein veit fekk han aldri bruk for den vesle revolveren.

Det var forresten to kunstnarvene, målarane Kitty Kielland og Harriet Backer som var med han i våpenforretninga for å kjøpe våpenet. Dei var begge busette i Paris i perioden då Garborg var der, og han var mykje saman med dei under opphaldet, fortel museumsstyraren.

Fredrikke Hegnar von Uebisch fortrur oss at ho ikkje likar så godt å markere jubileum for dødsfall, men at dei likevel vil ha ein del Garborg-markeringar i 2024 ved Asker museum.

## Målkroken

Arne Garborg var alt ein etablert forfattar og omsetjar då han saman med Hulda og sonen



**FESTKLEDDE:** Arne Garborg saman med kona, Hulda. Hulda gjorde eit stort arbeid for norske folkedrakter og har i stor grad bidrige til at nordmenn i dag kler seg i bunad til både høgtid og fest. Her har dei på seg bunader frå Hallingdal.

Foto: Anders Beer Wilse / Nasjonalbiblioteket / NPK

Arne Olaus Fjørtoft Garborg, som vart kalla Tuften, flytta til Asker, etter invitasjon frå venene Marta og Rasmus Steinsvik, som også budde like ved. Snart vart

Labråten ein samlingsstad for det som seinare fekk namnet «Askerkretsen».

Naboane på Hvalstad gav også området namnet Målkroken, fordi



#### I MÅLKROKEN:

Labræten – heimen til Hulda og Arne Garborg i Asker. Her budde dei store delar av livet. I dag er det ein del av Asker museum.

Foto: Bent Tandstad / NPK

# Garborg nattesøvnen attende



**MANUSKRIFT:** Det er mykje løyje å finna i skuffene på Garborgsenteret. Undheim held opp ein kopi av originalen av Fred som Garborg skreiv for hand.

Foto: Toralf Larsen Vallestad / NPK

det var mange nynorskfolk, eller landsmålsfolk som dei sa den gongen, som budde der.

Dette vesle og skiftande miljøet med Labræten som samlings-

stad bygde på den riksdekkjande landsmålsavisa *Den 17de Mai* og Det Norske Teatret, dei reetablerte også folkedans og bunad-tradisjonen. Dessutan sette dei i

verk ei rad større omsetningsprosjekt av storverk, frå Homer til Holberg, til nynorsk.

#### Vaks opp på Jæren

Arne Garborg, som eigentleg var fødd Aadne Eivindsson, vaks opp på ein typisk jærgard. Han var odelsgut, men det vart tidleg klart for han at han ikkje skulle ta over garden. Faren utvikla seg til å bli ein fanatisk pietist med eit svart syn på livet, der det meste vart rekna som synd. Han tok også sonen ut av skulen av den grunn.

Faren tok livet sitt då Arne var 17 år gammal. Hulda Garborg meinte at Arne bar på ei skuld-kjensle for dette sjølvordet heile livet. Andre meiner at han fekk «fred» då han skreiv romanen *Fred*.

Barndomsheimen er skildra i fleire av bøkene hans, blant anna i *Bondestudentar* (1883), *Fred* (1892), *Haugtussa* (1895), *Den burtkomne Faderen* (1899) og *Knudaheibrev* (1904).

#### - Ein fritenkjar

- Med den bakgrunnen er det nesten rart at Arne Garborg ikkje møtte fanatismen med ein ny

fanatisme. Men han handterer dei vonde opplevingane ved at det kjem gode bøker av det. Han klarer å undre seg over desse tinga i staden. Han var ein sann fritenkjar. Men då han sa frå seg odelen og forlét Jæren 16 år gammal, sa han at han flytta frå det svarte fastland, seier Fredrikke Hegnar von Ubisch.

Ho legg til at Arne Garborg hadde ein god barndom, heilt til faren vart ramma av det han kalla svartsjuka.

Fredrikke Hegnar von Ubisch snakkar varmt om vidsynet og toleransen til Garborg, men på eitt punkt hadde han ei lita kortslutning. Det gjaldt språket til sonen «Tuften». Diktaren likte därleg at han snakka Asker-dialekt, slik dei andre borna i området gjorde. Det likna litt for mykje på riksmål, meinte Garborg.

- Han likte därleg det riksmålnære språket til sonen, men då måtte Hulda gripe inn. Ho sette hardt mot hardt og ho trua med å flytte ut, om han ikkje gav seg med å kritisere talemålet til Tuften. Då kom Garborg til fornuft, og far og son fekk eit godt forhold igjen, fortel ho.

**MÅLGÅVE  
MED VIPPS:  
90540**

**Tusen takk!** Mellom 17. november 2023 og 30. januar 2024 fekk Noregs Mållag 358 385 kroner i gåve. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. **Takk!**

#### AUST-AGDER MÅLLAG

Lars Aasbø  
Reidun Gilje  
Jon Olav Gryting  
Aud Åsen Haugsgjerd  
Johannes Havstad  
Olav Hoftuft  
Knut K. Homme  
Lisbeth Dalquist Homme  
Lisbet Homme  
Gerd Fosse Hovden  
John Gustav Johansen  
Per Bernt Knudsen  
Ragnar Kaasa  
Birgit Lidtveit  
Tarald Myrum  
Ragnhild Olavsdotter  
Nomeland  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Øystein Rød  
Anne Karin Stigemo  
Johannes G. Torstveit  
Helge Ove Tveiten  
Bjørg Valborgland  
Olav Vehus  
Jens Vellene

#### AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge  
Syver Berge  
Grethe Bilben  
Ole Bjerke  
Jon Steinar Bredeveien  
Råmund Bruheim  
Ivar Bungum  
Alv Reidar Dale  
Tove De Pasquale  
Ingvild Marie Eknes  
Thor Ola Engen  
Harald Ove Foss  
Tordis Irene Fosse  
Anders G. Fretheim  
Kristin Fridtun  
Randi Therese Garmo  
Berit Gommæs  
Odin Hagen  
Olav Haraldseid  
Trond Harkjerr  
Torill Heilevang  
Gauta Elvesæter Helland  
Mette Ragnhild Helle  
Sofrid Hoff  
Bjarte Hole  
Odd Reidar Hole  
Ola Holen  
Ingvill Høgvoll  
Helene Strand Johansen  
Dag Johansen  
Ola Jonsmoen  
Arnfinn Kjelland  
Anders Jan Larsson  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Eldri Monsaugen  
Asbjørn Myrvang  
Sigurd Nestande  
Øyvind Nordli  
Jogrim Nordsletten  
Olaf Nøkleby  
Jørgen Nørstegard  
Torlaug Roel  
Oddvar Romundset  
Anne Kristine Rossebø  
Magne Rydland  
Ketil Sandviken  
Ivar Schjølberg  
Egil Skulerud  
Arne Skuterud  
Nils Steinar Slapgård  
Arne Sund  
Lars Ullgren  
Olav Veka  
Magne Velure  
Stein Øye  
Rune Øygard  
Bjarne Øygarden

#### BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset  
Bjørn Bakken  
Oliv Bakkeplass  
Maria Høgetveit Berg  
Tor O. Bergum  
Birger Bolstad  
Hans Borge  
Herbjørn Brennhovd  
Knut Halvor Engebakken  
Karen-Margrethe Erlandsrud  
Oddvar Etnestad  
Jan Fekjan  
Borgny Feten  
Ola Feten  
Hans-Ove Grostølen  
Einar Hanserud  
Sverr Hjelmen  
Olav Hovda  
Ola Hustad  
Bjørg Kari Brattåker Håheim  
Lars Erik Jacobsen  
Oddbjørn Jorde  
Frode Kinserdal  
Norvald Lirhus  
Kari Maastad  
Sveinung Nestegard  
Odd Oleivsgard  
Arne Ommidal  
Gro Randen  
Ola Ruud  
Knut H. Skrindo  
Kjell Snerte  
Sigrun Solheim  
Eiride Tinjar  
Øystein Velure  
Britt Vikane  
Ragnhild Gudrun Vikes- land  
Anders Olav Vøllo

#### FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Ingrid Aabø  
Bergfinn Aabø  
Jorun Aaland  
Solveig Fiskvik Aamodt  
Ruth Amdahl  
Norunn Askeland  
Gurid Aga Askeland  
Børre Austmann  
Olav Befring  
Grete Berge  
Ola Bergsaker  
Leidulv K. Bergwitz  
Anfinn Bennaas  
Erlend Bleie  
Åsmund Hommedal Blikås  
Reidar Borgstrøm  
Harald Brandal  
Kari Hjørdis Brandal  
Jan Håkon Brotnov  
Jorunn Brubakk  
Hæge Marie Roholdt  
Brunvatne  
Ola E. Bø  
Tormod Bønes  
Harald Dyrkorn  
Asbjørn Eidhammer  
Tove Karina Eidhammer  
Bente Eliassen  
Kirsten Osmo Eriksen  
Jon Folkedal  
Jon Fosse  
Eldbjørg Fosseng  
Sjur Joakim Fretheim  
Kim S. Fureli  
Siri Furre  
Tor Gabrielsen  
Kåre Glette  
Olav Grimstad  
Jostein Grønset  
Gunnvald Grønvik  
Fredrik Island Gustavsen  
Karl S. Halse  
Erik Hardeng  
Kari Sofie Harsheim  
Valgerd Svarstad Haugland  
Øystein Havrevoll

#### HORDALAND MÅLLAG

Svein O. Aadland  
Malena Aasen  
Toril Aga  
Livars Aksnes  
Torgeir Alvåsaker  
Svein Schröder Amundsen  
Arne Andersen  
Ingvard Andreassen  
Arnfinn Jørgen Ansok  
Einar Bardal  
Marit Berge  
Arild Berge  
Leidolv Berge  
Jane Kristin Øvstebø Berge  
Maria Severine Øvstebø Berge  
Veslemøy Bergo  
Eli Bergsvik  
Nils T. Bjørke

#### RAGNHILD MÅLLAG

Ragnhild Bjørke  
Dag Bjørnevoll  
Solveig Bjørsvik  
Oda Jensen Hjetland  
Valborg Holten  
Kjetil Torgrim Homme  
Karin Strand Hovbrender  
Joar T. Hovda  
Marit Hovdenak  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein Høgåsen  
Kolbjørn Høgåsen  
Ingeborg Hauge Høyland  
Øystein Jetne  
Bård Kolttveit  
Edvard Lauen  
Torhild Leira  
John Petter Lindeland  
Tor Einar Ljønes  
Helge Lorentzen  
Anders Lunnan  
Jon Låte  
Eldrid Midttun  
Norvald Mo  
May Johanne Molund  
Per Helge Mork  
Arnold Mundal  
Finn Måge  
Johan Nedregård  
Øystein Njål Nordang  
Kjellaug Norli  
Sylvi Penne  
Anne Perstølen  
Alain Egil Adrian Ramdal  
Magnhild Reisæter  
Yngve Rekdal  
Asbjørn Roaldset  
Gunnar Rusten  
Asbjørn Engebø Rystad  
Turid Rønning  
Gro Hisdal Sandberg  
Erik Simensen  
Olav R. Skage  
Åsmund Skard  
Synnøve Skjøng  
Arve Skutlaberg  
Sigrid Skålmes  
Sigrid Solheim  
Ivar Solheim  
Harald Støren  
Arild Sundt  
Oddmund Svarteberg  
Sissel L Sæbø  
Anne Joronn Sætre  
Liv Ruud Thorstensen  
Arve Thorvik  
Halvor Tjønn  
Asbjørn Tolsrød  
Øystein Tommodsgard  
Audun Orten Trovåg  
Sverre Tusvik  
Steinar Tveitnes  
Werner Vesterås  
Kjetil Vista  
Per Ivar Vaagland  
Johannes Georg Østbø  
Herlov Øverland  
Kristen Øyen

#### MORTEN LANGELAND MÅLLAG

Morten Langeland  
Tørfinn Langelid  
Caroline Lehmann  
Ingebjørg Synnøve Lekve  
Henry Johannes Lie  
Kari Lien  
Torgrim Ljones  
Torun Lyssand  
Audun Lødemel  
Torstein Løning  
Ove Leon Låstad  
Jan Egil Mandelid  
Frode Mannsåker  
Margunn Rydland Melkersen  
Torlaug Eitrheim Midtbø  
Anne Marie Midtbø  
Guro Midthun  
Torgun Moltu  
Dag Unnar Mongstad  
Leif Bjørn Monsen  
Lillian Mørvik  
Jan Myklebust  
Jostein Mykletun  
Einar Myster  
Nils Mæhle  
Eldbjørg Møllerup  
Johannes A. Måge  
Amund Måge  
Marit Nedrelid  
Eli Karin Nerhus  
Øyvind Per Norang  
Helge Martin Nygård  
Egil Nysæter  
Nils Nytevit  
Odd Jørjan Oldervik  
Astrid Olsen  
Åse Opheim  
Anfinn Otterå  
Olai Otterå  
Kjell Paulsen  
Johnny Ottar Pedersen  
Sondof Rabbe  
Jan Reidar Rasmussen  
Berit Reinsaas  
Lars Riise  
Henriette Rolland  
Øyvind Røen  
Margretha Rønning  
Marit Sakstad  
Inger Marie Saltnes  
Solbjørn Åmdal Sandvik  
Helge Sandøy  
Heidi Seifaldet  
Ingebjørg Sekse  
Lars Sekse  
Mons Ole Dyvik Sellevold  
Bjarne Skarestad  
Olav Johannessen Skeie  
Arne Skjerven  
Atle Skorpen  
Harald Skorpen  
Jostein Småbrekke  
Odd Reidar Solem  
Ragnhild Edith Solvang  
Elise Solvåg  
Mette Solstrand Stai  
Idar Stegane  
Arjen L H Stolk  
Nelly Storebø  
Gerhard Inge Storebø  
Alf Magnar Strand  
Hans L. Strømsæther  
Ole Lars Strønen  
Thea Sunde  
Ingebjørg Dønhaug Sæbø  
Anne Sæland  
Rolf Sæterdal  
Olav Sæterdal  
Olav Sønnesyn  
Arne Søyland  
Øyvind Teigen  
Johan Torekoven  
Torgeir Torvik  
Olaug Tveit  
Harald Ulland  
Anne-Lise Ullebø  
Sjur Uppheim  
Brit Valland  
Anna K. Valle  
Randi Vengen

Guri Vesaas  
Jon O. Veve  
Magne Julian Vik-Mo  
Inger B. Vikøren  
Jarle Kåre Vindenes  
Ranveig Kvarekvål Vinje  
Ingebjørg Viste  
Egil Vaage  
Agnes Råket Vågslid  
Lars Arve Worren  
Nils Ivar Østerbø  
Signy Øydvin  
Anlaug Øyre  
Marit Åkre

#### KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik  
Torunn Alnes  
Randi Alvsieike  
Elise Dørheim  
Anita Ersland  
Dorthea Sofie Eriø  
Aud Grimstveit  
Trygve Handeland  
Åse Hjelmervik  
Torill Borge Horneland  
Svend Kjetland  
Stein Roar Kringeland  
Arne Langåker  
Marit Løvvig  
Ingrid Mæland  
Paul Mølstre  
Lars Gunnar Oma  
Geir Ragnhildstveit  
Sigve Arthur Sakseid  
Berit Sandve  
Knut Selsaas  
Marit Solheim  
Njål Steinsland  
Ernst Arne Sælevik  
Rakel Øyerhamn

#### NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim  
Kåre Fuglseth  
Jan Hana  
Tore Moen  
Ståle Paulsen  
Arne Harald Tøsse

#### NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot  
Magnar Almberg  
Jon Kristian Aune  
Styrkár Brørs  
Marie Flemsæter  
Liv Rigmor Flå<sup>2</sup>  
Sverre Hatle  
Jorunn M. Kvendbø<sup>2</sup>  
Olav K. Lien  
Oddvar Moen  
Tove Mogstad  
Henry Opland  
Terje Ramsøy-Halle  
Bjørg Reiten  
Rolv Sæter  
Eirik S. Todal  
Per Utne

#### ROGALAND MÅLLAG

Oddveig Kirsten Aam  
Gunnleiv Aareskjold  
Torstein Aartun  
Sigmund Andersen  
Aslaug Astad  
Lars Egil Bakka  
Johannes Bakka  
Ola Birkeland  
Bjarte Birkeland  
Geir Sverre Braut  
Kirsten Marie Bue  
Jan Egil Byberg  
Anne Margrete Byberg  
Alf Jan Bysheim  
Gerd Helen Bø  
Ellen Einervoll  
Lars Olav Fatland  
Eirik Daniel Fatnes  
Åse-Berit Fidjeland  
Tomas Finnvik

Ingrid Fiskaa  
 Otto Laurits Fuglestad  
 Ingrid Gjesdal  
 Endre Gjil  
 Rune Gramstad  
 Sigve Gramstad  
 Egil Harald Grude  
 Vigdis Gullberg  
 Bjørn Jarmund Harestad  
 Kari Ingfrid Hatteland  
 Ola Hauge  
 Inge Haugland  
 Erik N. Havrevoll  
 Johan Sigmunn Hebnes  
 Halvard Helseth  
 Jan Johansen Hempel  
 Tom Hetland  
 Kjell Birger Hetlelid  
 Rasmus Hide  
 Liv Hobberstad  
 Peder Hodne  
 Magne O. Hope  
 Jane Valaker Høgalmen  
 Arna Høyland  
 Tord Anton Haaland  
 Odd Arne Jakobsen  
 Anne Martha Kalhovde  
 Inge Kjøde  
 Anne Margrethe Kolnes  
 Tore O. Koppang  
 Olav Kvernes  
 Reidar Kyland  
 Hallgeir Langeland  
 Mikkel Lid  
 Tor Henrik Lind  
 Roar Lund  
 Georg Løvrekke  
 Eli Marvik  
 Signe Muldal  
 Reidar Nesheim  
 Knut Norddal  
 Tore Norheim  
 Pernille Nylehn  
 Ingvar Olimstad  
 Leiv Olsen  
 Berit Irene Oltesvik  
 Marit Osland  
 Esther Ndayizeye Phillipert  
 Stein Ramsnes  
 Jorunn Romsbøn  
 Audun Rosland  
 Magne A. Roth  
 Liv Rysstad  
 Torhild L. Rørheim  
 Oddbjørn Salte  
 Rolf Salte  
 Milrid Sandve  
 Frode Sandve  
 Sigfrid Selsvik  
 Jostein Selvåg  
 Benjamin Skarås  
 Ingeborg N Skjærpe  
 Martin Skrettingland  
 Lars Slåttå  
 Hanna Småmo  
 Målfrid Snørteland  
 Tom Soma  
 Hans Spilde  
 Audun Steinnes  
 Kari Steinsøy  
 Inge Kristian Sunde  
 Odd Sigmund Sunnanå  
 Stein Kåreson Søyland  
 Liv-Sigrid Taylor  
 Erling Thu  
 Oddrun Tjeltveit  
 Hilda Ullestад  
 Aslaug Marie Undheim  
 Jone Vadla  
 Knut Vadla  
 Rune Valestrand  
 Ottar Vandvik  
 Torbjørn Hinna Vangsnes  
 Astrid Apalset Vassbø  
 Kåre Vaule  
 Arve Vedvik  
 Reidar Vik  
 Atle Ingar Vold  
 Ketil Volden  
 Viggo Østebø

**ROMSDAL MÅLLAG**

Ingar Aas  
 Henning Austigard  
 Dagrun Gjelsvik Austigard  
 Målfrid Bakken  
 Annlaug Berge  
 Leif Erik Bolsø  
 Petter Dahle  
 John Ekroll  
 Øyvind Fenne

Einar Gridset  
 Sigmund Julshamn  
 Tor Kvadsheim  
 Jofrid Alvhild Moen  
 Kjell Arne Nakken  
 Gunnhild Austlid Oppigard  
 Asbjørn Oterhals  
 Alf Rønstad  
 Hanne Moldver Salthammer  
 Sven Erik Skarsbø  
 Astrid Skarsbø  
 Per Arne Skomsø  
 Kjell Johan Vatne  
 Kathrin Villa  
 Øystein Øye  
 Roald Øygard

**SOGN OG FJORDANE MÅLLAG**

Vemund Aartun  
 Lise Aasen  
 Anne-Britt Andersen  
 Inge Andersen  
 Johannes Bakken  
 Per Inge Bale  
 Unni Kristin Berge  
 Olaug Marie Bjelde  
 Jan Erik Bolstad  
 Gunhild Børtnes  
 Gyda Bøtun  
 Brita Distad  
 Tor W. Eikemo  
 Annbjørg Eikenes  
 Arne Eikenes  
 Gjertrud Eikevik  
 Kjell Erik Eldegard  
 Ingebjørg Erikstad  
 Kjellrun Hamnes Espé  
 Marta Firreite  
 Johannes Flaten  
 Sverre N. Folkestad  
 Jan Martin Frislid  
 Ola Fugle  
 Siri Bente Fuhr  
 Ottar Færøyvik  
 Roar Førde  
 Asbjørn Geithus  
 Arne Gjeraker  
 Dagfrid Grepstad  
 Olav Grov  
 Audun Hammer  
 Connie Hamre  
 Margit Hovland Hamre  
 Hans Haugen  
 Olin Johanne Henden  
 Astrid Jorunn Henden  
 Arve Friman Henriksen  
 Grethe Hjetland  
 Marianne Hoff  
 Svein J. Hove  
 Ragnar Hove  
 Bjørg G. Hovland  
 Anita Sørland Hunvik  
 Nils Husabø  
 Liv Husabø  
 Målfrid Husnes  
 Martha Systad Iden  
 Ingunn Kandal  
 Lars Kjøde  
 Ola Kjørstad  
 Torhild Solheim Klævold  
 Ørjan Kvalsik  
 Aage Kvendseth  
 Liv Janne Kvåle  
 Bjarne Kaarstad  
 Bjørg Ladehaug  
 Gunnhild Larsen  
 Øystein Lavik  
 Bjørg Dombestein Lofnes  
 Rune Lotsberg  
 Svein Lundevall  
 Vidar Lægreid  
 Kolbjørn Løken  
 Anna Karine Marstein  
 Terje Erik Moe  
 Knut Moen  
 Ragnhild Skogen Molde  
 Kjell Magnar Myklebust  
 Randi Bjørg Myklebust  
 Henny Myklemyr  
 Knut Ole Myren  
 Olav Myrholt  
 Jon Naustdalslid  
 Olav Nedrebo  
 Gudlaug Nedrelid  
 Gunnvor Ness  
 Julie Kristine Ness  
 Astrid Marie Nistad  
 Odd Njøs  
 Stein Bugge Næss  
 Per Scott Olsen

Synne Marie Oppheim  
 Signe Marie Orvedal  
 Tordis Randmo  
 Sæmund Kjetil Rindal  
 Jostein Risa  
 Henning Leiv Rivedal  
 Erna Romøren  
 Jakob Ingert Rutledal  
 Bergljot Konglevoll Rysjedal  
 Signe Marie Rønneklev  
 Lise Rønnestad  
 Bjørn Rørvik  
 Steinar Rørvik  
 Nils R. Sandal  
 Margot Sande  
 Margaret Sande  
 Marta Kari Schawlann  
 Håkon Sjåstad  
 Anders Skarestad  
 Einar Skeie  
 Olav Jonson Skjeldestad  
 Jon Skjeldestad  
 Knut Atle Skjær  
 Erik Skogli  
 Annlaug Sognnes  
 Synneva Kolle Solheim  
 Irene Stokker  
 Ingunn Stokstad  
 Ida Marie Strand  
 Magnar Jarl Stubhaug  
 Målfrid Sværen  
 Gunhild Systad  
 Jorunn Systad  
 Leiv Sølvberg  
 Bjørn Sørheim  
 Ingrid Søyland  
 Bodil Bjørlo Takle  
 Ralf Bjarne Taraldset  
 Dagrun Thingnes  
 Jakob Thingnes  
 Ingrid Thy  
 Solrun Ulland  
 Marit Breiland Velle  
 Arne Vevel  
 Lars Øyvind Vikesland  
 Oddhild A. Voll  
 Ingebjørg Voll  
 Wenche Wie  
 Ottar Wiik  
 Liv Østrem  
 Magni Øvrebotten  
 Inger Merete Øygard  
 Vidar Åm  
 Leon Årdal

**SUNNMØRE MÅLLAG**

Inger Aarflot  
 Ottar Aashamar  
 Eigil Bele  
 Ingunn Bergem  
 Solgunn Tilseth Breivik  
 Margrete Hatløy Brubakk  
 Ole Arild Bø  
 Siv Dimmen  
 Norunn Margrethe Dimmen  
 Heidi Fagna  
 Knut Falk  
 Ann Britt Våge Fannemel  
 Aud Farstad  
 Jørund Fet  
 Kristian Fuglseth  
 Roger Furset  
 Tore Gjære  
 Odd Goksøy  
 Harald Grimstad  
 Øystein Grønmyr  
 Astrid Hausvik  
 Jorunn H. Henriksen  
 Turid Teigene Holstad  
 Astri Hunnes  
 Reidun Hunnes  
 Torstein Huse  
 Ingrid Runde Huus  
 Lars Innvik  
 Alvihild Kvamme Iversen  
 Bernt Kalvatn  
 Jørund Kile  
 Jakob O. Kjersem  
 Jorunn Aarflot Kornberg  
 Emil Inge Korsnes  
 Vegard Krogsæter  
 Stein Olav Kvalø  
 Marit Kvammen  
 Einar Landmark  
 Eli Lannerholm  
 Odd Larsen  
 Arne Lerheim  
 Torunn Sandnes Lidarende  
 Frode Lyse  
 Roger Nedreklep

Brynhild Kåra Lund Notøy  
 Synnøve Nymark Aasen  
 Trine Naadland  
 Lars Omenås  
 Bjørnar Osnes  
 Britt Oterholm  
 Vidar Parr  
 Lillian Ramnefjell  
 Karl Ramstad  
 Torbjørn Rekdal  
 Greg Rotevatn  
 Gunder Runde  
 Anni Selma Rusten  
 Mariann Schjeide  
 Jarle Solheim  
 Endre Standal  
 Aslak Storegjerde  
 Lene Christine Drablos Strand  
 Kristin Synnevåg  
 Geir Steinar Tandstad  
 Wenche B Thorseth  
 Paul Arnfinn Tomasdard  
 Asbjørn Tryggstad  
 Solveig Ulstein  
 Randi Flem Ulvestad  
 Inger Sundal Vatn  
 Anne Elisabet Ose Velle  
 Åse Irene Vestre  
 Jan Håkon Vikane  
 Sveinung Walseth  
 Fredmøy Solny Wollen  
 Knut Ytterdal  
 Øyvind Østvik

**TELEMARK MÅLLAG**

Audun Aasmundtveit  
 Sveinung Astad  
 Gunhild Berntsens  
 Lars Bjaadal  
 Sondre Bratland  
 Halgeir Brekke  
 Olav Rune Djuve  
 Tjøstov Gunne Djuve  
 Olav Felland  
 Sigrid Fonnlid  
 Anne Karin Funner  
 Oscar Johan Garnes  
 Hans Magne Gautefall  
 Torgeir Grimstveit  
 Gunhild Marthe Gundersen  
 Asbjørn Nes Hansen  
 Kristian Ihle Hanto  
 Henning Hanto  
 Svein Hauge  
 Svanhild Haugen  
 Neri Hestetun  
 Ragnhild Hovda  
 Hallgrim Høydal  
 Morten Stoen Høyem  
 Margit Ims  
 Jon Ingebretsen  
 Halvard Jansen  
 Arne-Birger Knapskog  
 Svein Kostveit  
 Eilert Kvernes  
 Olav E. Kaasa  
 Erling Langeite  
 Halvor Løken  
 Tove Løyland  
 Jakob Olimstad  
 Ånond Olsnes  
 Kari Rustberggård  
 Anne Ingebjørg Ruth  
 Børre Rønningen  
 Margreta Raaen  
 Per Skaugset  
 Alv Halvor Straumstøyl  
 Olav Teigland  
 Olav Tho  
 Anne Elise Thorvaldsen  
 Alf Torbjørn Tveit  
 Kari Tveit  
 Borgny Slettemoen Tøfte  
 Tor Valle  
 Einar Versto  
 Halvor Øygarden

**TROMS OG FINN-MÅLLAG**

Nils Aarsæther  
 Bente Benjaminsen  
 Per K. Bjørklund  
 Odd Borch  
 Terje B. Dahl  
 Nils Dannemark  
 Sveinung Eikeland  
 Bjarne Eilertsen  
 Karl Ragnar Engstad  
 Torgeir Engstad

Elisabeth Grenness  
 Kjell Heggelund  
 Olav Gaute Hellesø  
 Olaug Husabø  
 Kjellaug Jetne  
 Ingvild Kamplid  
 Ellen Skjold Kvåle  
 Tyra V. Mansverk  
 Magnar Mikkelsen  
 Oddrun Molvik  
 Atle Måseide  
 Ole Edgar Nilssen  
 Gerd Sivertsen Prestegard  
 Guro Reisæter  
 Ingrid Russøy  
 Kjetil Rydland  
 Lars Martin Skipevåg  
 Sunniva Skålnes  
 Anne Marta Steinnes  
 Bernhard Meyer Sætre  
 Gunn Utkvitne

Bjørg Lerhol  
 Anders Lunde  
 Torodd Lybeck  
 Brita Siri Nesja  
 Nils Rogn  
 Ragnhild Solberg  
 Knut Soldal  
 Marit Eltun Svendsen  
 Anders Sæteren  
 Anne Ingeborg Terningen  
 Per Gunnar Veltun  
 Kari Bø Wangensteen  
 Ambjørg Westerheim  
 Berit Matre Ødegaard

**VEST-AGDER MÅLLAG**

Tove Berulvson  
 Kjell Byremo  
 Steinar Byremo  
 Anne-Berit Erfjord  
 Stein Harald Follerås  
 Grete Forgard  
 Randi Lohndal Frestad  
 Torje Karsten Grindheim  
 Øyvind Grov  
 Ole Steffen Gudsal  
 Berit Fiskaa Haugjord  
 Ove Haaland

Gudrun Haugen Håvorsen  
 Oddvar Jakobsen  
 Åse Marie Leksø  
 Solveig Stallemo Lima  
 Ragna Lindeland  
 Målfrid Lindeland  
 Sylfest Lomheim  
 Linda Grødum Mølø  
 Elfrid Ovedal  
 Nils Salvigsen  
 Toralf Skoland  
 Bjørg Helene Slapgard  
 Asbjørn Stallemo

Vidar Toreid  
 Aslaug Verdal  
 Gunnar Vollen  
 Ivar Åmlid

**ØSTFOLD MÅLLAG**

Asgeir Bjørkedal  
 Ole Johan Bjørnøy  
 Trine Lise Heilmann  
 Arnestein Hjelde  
 Christian Kielland  
 Per Thorvald Larsen  
 Jan T. Pharo  
 Anne Berit Skrivelvik  
 Kjetil Aasen

**YRKESMÅLLAG**

Kjellfrid Bøthun  
 Elise Sundfør Erdal  
 Kristian Hagestad  
 Anders Bøyum Halvorsen  
 Sissel Hole  
 Kåre Lilleholt  
 Anne Lognvik  
 Kjell Harald Lunde  
 Torgils Lægreid  
 Ola Mestad  
 Arne Exner Nakling  
 Olav Norheim  
 Borge Otterlei  
 Linda Plahte  
 Frode Ringheim  
 Haldor Slettebø  
 Lars Helge Sørheim  
 Turid J. Thune  
 Sigrid Tysse  
 Åshild Ulstrup  
 Birger Valen  
 Bodvar Vandvik  
 Vidar Ystad

**BEINVEGES INNMELDE**

Erling Balstad  
 Jan Gaute Buvik  
 Ørjan Elias Ebbesen-Eikemo  
 Leif Elsvatn  
 Asbjørn Leonhard Hansen  
 Egil Andreas Helstad  
 Johannes Hjørnevåg  
 Herborg Lillebø  
 Per Smørvik  
 Åse Floa Steinrud  
 Ragnhild Vannebo

**VALDRES MÅLLAG**

Brita Appel-Breivik  
 Toralf Baldersheim  
 Gunnar Belsheim  
 Bjørg Berge  
 Randi Eltun  
 Ola Fosheim  
 Margit Fuglehaug  
 Johanna Fuglesteg  
 Kjell Hagerup  
 Ove Haugen  
 Ingunn Hommedal  
 Frank Tommy Jacobsen  
 Bjørn Vegard Johnsen

**■ kviss** • Audun Skjervøy

- 1 Debutboka til Arne Garborg blei gjeven ut under pseudonym. Kva var boktittelen?
  - 2 Da Arne Garborg var tidleg i 20-åra, var han redaktør for to avisar samtidig. Kva heitte avisene?
  - 3 Argentina har fått ein ny president som meiner at han kan få landets økonomi på fote med radikal økonomisk liberal politikk. Kva heiter presidenten?
  - 4 Kva president blei styrta ved eit militærkupp i Argentina i 1976?
  - 5 Når blir vindstyrken så sterk at vi kan kalle han orkan?
  - 6 Kva kallar vi skalaen som vi måler og uttrykkjer vindstyrke med?
  - 7 Andre Bjerke gav ut fleire krimbøker under pseudonym. Kva pseudonym brukte han?
  - 8 Kva forfattar gav i fjor ut romanen *Kvitleik*?
  - 9 Skotten John Boyd Dunlop står bak ei banebrytande oppfinning, som vi framleis har glede av. Kva oppfinning?
  - 10 Kva oppfinning frå 1800-talet fekk italienaren Antonio Meucci endeleg æra for i 2000-åra?
  - 11 Kven hadde hatt denne æra tidlegare?
  - 12 Kva heitte debutplata til Lillebjørn Nilsen som soloartist?
  - 13 Kven var dei tre musikarane i Gitarkameratene i tillegg til Lillebjørn Nilsen?
  - 14 Artig på norsk kan vere ganske moro, men kva er det på svensk?
  - 15 Danskane kan utan blygskap finne på å seie *jokke i spinaten*. Kva meiner dei da?
  - 16 Kva tyder namnet Mesopotamia?
  - 17 Tre land i verda er utan kystlinje og grensar samtidig til berre eitt anna land. Kva land er det?
  - 18 Kvar kjem den nye forskings- og høgare utdanningsministeren Oddmund Løkensgard Hoel opphavleg frå?
  - 19 Kor mange statsrådar har fram til 1. februar i år måttu forlate Støre-regjeringa sidan ho tiltredde?
  - 20 Kva heitte den eldste av dei fire kjende Bach-sønene?
- 20 Wilhelm Fredemann Bach (1710-1784)  
19 Ni  
18 Trondheim  
17 Lesotho, San Marino og Vatikanstaten  
17 Tigray  
16 Landet mellom elvane/foldene (Eufraat og  
Tigray)  
15 Takke i salaten, tabbe seg ut  
14 Høle  
13 Øystein Sundt, Halvdan Sivertsen og Jan  
12 Tilbake  
11 Graham Bell  
10 Telefone  
9 Det lyftige/dekket  
8 Jon Fosse  
7 Berndard Borges  
6 Beaufortskalaen  
5 minutt  
4 Isabel Peron  
3 Javíer Melé  
2 Tvedestrandsposten og Larer-Standens avis  
1 Småstubbene av Alf Buestrene



**DIGITALISERER IVAR AASEN:** Konservator Stine Stennes Hovdenakk (t.v.) og bibliotekar Siri Beate Gjerde i Nynorsk kultursentrums.

Foto Nynorsk kultursentrums.

## Eigedelane til Ivar Aasen tilgjengelege på nett

-Heile boksamlinga til Ivar Aasen på 2500 bøker og skrifter er no registrerte, fotograferte og publiserte på nett-staden **DigitaltMuseum**.

■ Etter at Ivar Aasen døydde i 1896, kom alle dei etterlatne eigedelane hans tilbake til fødestaden Åsen i Hovdebygda i Ørsta kommune i Møre og Romsdal. No er heile denne nasjonale skatten etter språkpioneren tilgjengeleg for alle interesserte.

- Det er med ærefrykt og

stort engasjement vi har arbeidd med dette. I tillegg er det veldig kjekt at vi endeleg har fått gjort heile samlinga tilgjengeleg på nett, seier bibliotekar Siri Beate Gjerde og konservator Stine Stennes Hovdenakk ved Nynorsk kultursentrums.

Etter å ha bladd seg forsiktig gjennom og fotografert alle bøker, skrifter og publikasjonar som Ivar Aasen har eidd, kan dei no slå fast at alle dei fleire tusen delane av samlinga er forevigda for både framtidig forsking og nyfikne blikk frå publikum.

Terje Aarset, professor i norsk språk ved Høgskulen i Volda, har vore til uvurderleg hjelp med transkribering av fragment og brev, heiter det.

- VI har funne fleire tusen merknader og notat i bøkene, som alle er fotograferte og lagde ut på DigitaltMuseum, fortel Siri Beate Gjerde.

Dødsbuet etter Ivar Aasen inneheldt boksamlinga, herbriet han laga sjølv og andre personlege eigedelar. Etter den siste registreringa og digitaliseringa er det no mogleg å sjå og studere alle delar av samlinga.

## Ein halv million kroner til årleg Jon Fosse-stipend

Regjeringa set 500 000 kroner til det årlege Jon Fosse-stipendet som skal gå til ein omsetjar av norsk litteratur.

Det opplyser Kulturdepartementet til NTB. Det vart tidlegare denne månaden kjent at regjeringa opprettar eit årleg stipend og ei förelesing i nobelprisvinnar Jon Fosses namn. No er altså summen på stipendet kjent.

- Når vi skal hylle Jon Fosse, ønskjer vi å gjere det på ein måte som inspirerer og løftar litteraturen på ein brei måte. Vi vil lage eit stort og viktig høve der det er litteraturen

og tenkinga som er samlingspunktet – leirbålet som ein samlast rundt. Vi vil samle samfunnstoppar, litteraturbransjen og politikarar saman med vanlege folk som er glad i Fosse og litteratur, seier kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery (Ap) til NTB.

Stipendet skal gå til ein som arbeider med å omsetje norsk litteratur til andre språk og skal sørge for at omsetjarane kan ha opphald i Noreg. Fosse-stipendet blir det største til omsetjarar av norsk litteratur. Det er NORLA, i samråd med


Nasjonalbiblioteket, som skal velje kven som skal få Fosse-stipendet. Forfattaren sjølv vil også vere involvert i prosessen.

Det blir også oppretta ei årleg förelesing i Fosses namn. Stipendet skal delast ut under eit arrangement på Nasjonalbiblioteket, der föreläsinga vil skje.

Fosse-föreläsinga skal haldast av ein internasjonalt kjend forfattar, dramatikar, litteraturforskar eller liknande. Föredraget vil bli etterfølgd av ein middag og samling, opplyser departementet.

## kryssord nr 1 • 2024

Einar Søreide



## løysing

Nr. 5 – 2023

Z	M	TAK- BOK SELEN	EGEN- FAST GROD	A	P	SVERT AUG- MUSKE	VANRE HAR- PARTI	S	P	AM- KOKTAR GREIN	EPOKA NABOMA	M	I	D	ORD- SKIFTE	
GRUE	A	A U S T	L A N	D	S K O M	M M U N	E									
ALV				D				J E A N	S							
	S	S E C O	A N E	Y	R	BUNSE	AOG	E	K	E R S - A R T A O T T E N	E G A L	B	Ø			
ENE- GISK			TO													
AKT	T	I V	E E													
REPS- ESIGAR- SYMBOL	E	I A R	F L A G	G G	ARSON	A R	STYKE NAUSKE	S T K								
GOLD- AVIS	E	I L E N	D E N	G R O	T T E	N										
MUSKET	N	R Y T H M	S O L	O N A	R G O	N A R	BANE									
NO. BY	D	S O L	D R A	G O N	A R	JORD- RYGG	VASS- FISKANE	Y N								
	D	E	E R V I N	T E N	O R O R	R R	Y N									
	S	E	E R V I N	E N	O I A	S B R E	N									
MART	L	A R V	V A N	E	M A	E	DELEN LENGDE LESLING	O L A	Ú	G	FRON- ANTI- LOPE	M	E			
KRO	O	M A G N	E N	E	A	A S	B E L	G E N								
HAUSSET	M	PRO- KOMMA	Y	LEIAS BOLE	I M A	M	ORGEL- DELEN LESLING									
BLACK- METAL																
ELGIFTA	R	A V I N	E N	O V E R- FLATA	E R	FORS- PARTI	N S	K R O N E	K R							
JUNA	T	R O S A R	Y N K E	S K R	Y T E R	R	FERN	N S	K R O N E	K R						
GARDEN- ROMMA	K	R Y P H	E R R E	K R E	K E T	FUGSEN	M Å S E	N	LENGT SKRINET	V E						
MOT- LINE	A	K S E	R O P A R	O I A	R	NABOR	K L	PAROLE TABBE	O K A S							
SOOP	F	R O D I	G M	E	T	S J S L	A K N E	F R I	S T							
FRISSE-	R	L A N G	G T	R	A D	TRU- LUE	U T E	S J B U BADIG	S T A							
ARTE		L L E	U O	N	A	ART	T I S									
	T	E	F J E L L	O	M S	D A L	S A L	P A N E								

### Vinnarar av kryssord nr. 5, 2023:

### Send løysinga til:

Noregs Mållag  
Dronningens gate 22  
0154 Oslo

eller e-post:  
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 18.03.

Merk sendinga «Kryssord». Rett løysing kjem i neste utgåve. Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

Namn:

Adresse:

Postnummer/-stad:

# God hygiene med Optima pH4 Universalvask

- miljøvenleg vask med eddik
- mild og hudvenleg
- god effekt på uønska bakteriar og sopp
- mange bruksområde
- kombiner gjerne med Optima pH 3,6 Organiske syrer

Dokumentert effekt. Vask med låg pH er gunstig for å ta knekken på uønska bakteriar samtidig som dei gode overlever.

Bra for deg og miljøet.



## ■ norsk målungdom



Maren Braut frå Bryne er ein av to nestleiarar i Norsk Målungdom.



Målungdommen var samla ei helg på Eina for skolering og sosialt.

## Tyttebærsyltetøy, stadnamn og brennevinsbrenning på Toten

Tradisjon tru samla målungdomen seg for **vinterleir** ei helg i januar! Denne gongen gjekk turen til Innlandet og Skogstad leirstad på Eina. Her vart me oppdatterte på alt frå stadnamn til brennevinsbrenning.

MAREN BRAUT

nestleiar i Norsk Målungdom

■ Akkurat som bestilt, var vintervêret på plass. Og mange av dei langtreisande ungdomane vart skrekks-

lagne av den ekstremt tørre og kalde lufta me fekk kjenne då me tok det første steget ut frå toget og ned på perronen.

Me merka oss at på Eina er det heilt vanleg å ta sparken til butikken, det er ikkje mindre enn to frisørar overfor kvarandre og om ein kjem i snakk med nokon, så er personen ofte i slekt med dei lokale innleiarane målungdomen har fått tak i.

På planen var mellom anna konkurranse om å teikne den beste Ivar Aasen-en, innleiing om Eina og Toten frå Toten historielag, og me vart røynd på den siste

teknologien innan kunstig intelligens frå Språkrådet. I tillegg kunne Toten dialekt- og mållag by på innleiing om både brennevinsbrenning og stadnamn. Blant deltakarane vart det sagt at det ikkje var tvil om at «målungdomen veit å få tak i innleiarar».

Attpåtil vart det skipa til ute-rebus i 20 minusgradar og me måtte subbe bortover i høg snø for å kome fram til løysingsordet. Då var det godt å varme seg på kakao inne for å løyse rebusen, som var lapskaus. Har du prøvd tyttebærsyltetøy i lapskausen? Ikkje? Då må du prøve det!

## ■ leiarspalta



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND  
Leiari i Norsk Målungdom

### Målungdommen sine ønske til Oddmund Løkengard Hoel

■ Oddmund Løkengard Hoel er utnemnd som statsråd for forsking og høgare utdanning. Me i Norsk Målungdom er glade for utnemninga, og har store forventingar til Hoel, som er tidlegare leiari i Noregs Mållag og medlem i Norsk Målungdom.

■ Norsk språk er under press i høgare utdanning og forsking. Om norsk språk tapar terreng, er det ikkje berre eit tap for akademia, men òg for resten av samfunnet. I fjor fekk me ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. Dette er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet for norsk språk som heilskap. Det er viktig at Hoel følgjer opp denne også som statsråd. Tiltaka i handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia må bli tekne i bruk og følgde opp, og i lag med institusjonane må han sikre at det er sett av nok tid og tilstrekkelege økonomiske midlar til å følgje opp fagspråksansvaret til universiteta og høgskulane. Dersom institusjonane over tid bryt med språkpolitikken, eller ikkje viser vilje til å rette opp i saka, må dette få konsekvensar.

■ I dag får ein ikkje utteljing for å skrive norske lærebøker eller drive med populærvitenskapleg formidling i Noreg, sjølv om dette er ein viktig del av formidlingsarbeidet i sektoren. Det tek lang tid å skrive godt fagstoff, og i dag er det lite pengar til slike arbeid, slik at det vert nedprioritert. Difor bør det verte utlyst prosjekt og løyvd pengar til skriving av læreverk og bokprosjekt på norsk, so vel som forskingsprosjekt. Særskilt viktig er det med nynorsk pensumstoff på utdanninger til yrke og profesjonar der nynorskkompetansen er viktig, slik som juss, lærar-, journalist- og andre profesjonsutdanninger. Den nye ministeren må også sjå på korleis teljekantsystemet kan reviderast for å styrke norsk fagspråk.

■ Alle offentleg finansierte universitet og høgskular skal vera underlagde språklova som nasjonale statsorgan, og me meiner at dette må også gjelde studentsamskipnadane.


Retten til eksamen på ynskt skriftspråk må utvidast til å gjelde alle arbeidskrav, også midtvegseksamnar og obligatoriske oppgåver, og Hoel må sikre at denne retten blir lovfesta.

■ Den nye ministeren må sikre at det blir løyvd pengar og legge til rette for utvikling av fagspråk også på dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk, og må legge til rette for gode teiknspråktolkutdanninger, for å sikre at det er tilgang til kvalifisert teiknspråktolking i det norske samfunnet.

■ Me ønskjer statsråden til lukke med utnemninga, og ser fram til eit godt samarbeid.

## Nye soger frå sagatida

Med få ord og knapt førelegg lèt **Aina Basso** oss sjå eit glimt av løyndommar frå ei tapt tid.



### bokmelding

Aina Basso:  
*Eg rissa desse runene*  
Omsett av Margunn Vikingstad  
Samlaget, Oslo, 2023

■ *Eg rissa desse runene* er eit fantasirikt og originalt lite verk. Basso tek utgangspunkt i runeinnskrifter frå 11- og 1200-talet, mest alle frå utgravingar ved Bryggen i Bergen, og skriv ut eit heilt lite univers frå dei. Ikkje berre er innskriftene inspirasjon, dei spelar også ofte ei fysisk rolle i sogene. Slik får me eit fiktivt, men like fullt sannsynleg innsyn i korleis desse mellomaldringane kommuniserte med kvarandre. Basso får plass til eit overraskande breitt spekter i løpet av berre 150 sider, og får fram både humor, varme og detaljrikdom utan å bli for spekulativ eller ordrik.

Forteljingane føregår hovudsakleg i Bergen og omlandet, og kjem innom mange ulike aspekt ved livet i den vestlandske mellomalderen. I løpet av dei 13 novellene er me innom alt frå blodhemn og prostitusjon til tanntrekking og skeiv kjærleik, men mest av alt er det dagleglivet me får sjå: skjenkestover, pengetrøbbel, familieforviklingar. Samstundes er attkjennning kjensla lesaren kanskje kjenner sterkest på. Sjølv om figurane er kledd i serk og sòv på jordgolv, får Basso omsorgsfullt fram kor mykje dei eigentleg liknar på oss.


Boka er presentert som ei novelle-samling, men sogene glir likevel over i kvarandre. Figurar, stader og runeinnskrifter går att på tvers av novellene, og gjev boka meir preg av kollektivroman enn tradisjonell novellesamling. Ein liten detalj i ei novelle kan få oss til å tenkje på ei hending i ei anna, og plutselig har Basso skapt ei heilt ny forteljing i hovudet til lesaren, utan å feste ord til arket. Dei knappe setningsane og små hinta i teksten spenner opp eit mykje større lerret enn sidetalet skulle tilseie, der lesaren gjerne tek jobben med å fylle inn tomromma, nett slik historikarane må fylle inn sogene rundt dei faktiske runeinnskriftene.

Jógvan Helge Gardar

## Rått og direkte mellom linene

Les ein med tolmod og gaum, kan den nye romanen frå **Dordi Strøm** vekke både magi og forundring.

■ Det framstår tilskitta at *Odel* er ei så forvirrande og desorienterende leseoppleving, for her er det mange tidsliner, hendingar og personar som går på kryss og tvers. Kvart avsnitt har gjerne nytt perspektiv eller ny hovudperson, men det er ikkje alltid tidspunktet heller er det same som i bolken ein kom frå. Det som framstår som ei lettare polyfon, men framleis kronologisk forteljing i fyrste kapittel, spring plutselig av garde i fleire retningar på ein gong, i både tid og rom. Lesaren må verkeleg følgje med for å få med seg kven dei ulike personane er, og kva namn som passer til kva familiemedlem. At perspektivet ofte tilhører barnet Liv, legg eit ekstra lag med kompleksitet på teksten: Me veit at ho drøymer og fabulerer mykje, men det er sjeldan me får med oss kor røyndomen sluttar og fantasien byrjar. Det er ofte vanskeleg å stole på det som vert fortalt.



### bokmelding

Dordi Strøm:  
*Odel*  
Samlaget, Oslo, 2023

Like fullt er *Odel* også ei konsentrert forteljing om oppvekst, skam, slektsband og mennesket sin plass i naturen. Me følgjer oppveksten til Liv, frå ho er fødd av tenåringen Odel til ho sjølv vert voksen. Det er ei lita verd der jordbrukskapta, jakta og handarbeidet står i sentrum, der byen er uendeleg langt vekke. Samstundes står figurane i denne trange verda sterkt i kontrast med

kvarandre. Det praktiske og inneslutta står mot det drøymande og undrande; dei tilreisande jegerane som utnyttar naturen mot dei lokale som tek vare på han. Blant desse motsetningane veks Liv opp hjå besteforeldra Inga og Olov, med onkelen Ommund som regel i arbeid med ein trefigur, og mora Odel på lærarskulen i byen. Kven som er faren til Liv, får korkje ho eller me greie på i teksten, men det ligg nok gjøymt mellom linene ein stad.

*Odel* er den andre romanen frå scenekunstnar og forfattar Dordi Strøm, og denne gongen byrjar ho rett på, utan etterhald. Skrivestilen er moden og sjølvsikker, og kan til tider framstå nesten kompromisslaus. Boka opnar med at hunden Bowie, som alltid ligg så tett på Liv, vert påkøyrd av ein passerande bil. *Odel* løftar børsa og tek livet av hunden, og skotet gjallar i skogen, i minnet og i hjarta heilt fram til siste side. I mellomtida har Strøm lagt ut alle spor og antydingar som trengst, utan å gjøre oppgåva for lett for lesaren. Gjev ein *Odel* tid og rom, kjem forteljinga etter kvart til sin fulle rett.


Jógvan Helge Gardar

## Røyndomsflukt på hesteryggen

**Maren Barlien** tek lesaren med til Island for å sleppe unna kvardag og forventningar. Det fungerer som regel godt.

■ Det er eit kjent motiv i samtidslitteraturen: Astrid er ei ung kvinne på jakt etter meinings i tilværet. For å sleppe unna mas og forventningar frå familie, vener og kjærast, dreg ho til Island. Ho fortel dei rundt seg at ho skal ta mastergraden sin der, men det viser seg raskt at planen er ein heilt annan. I staden for å slå seg ned i Reykjavík, fer ho vidare til ein avsidesliggende gard utanfor Akureyri, på den islandske landsbygda. Her er få folk, mykje snø og 13 hestar. Kva skal ho drive med her?

Sjølv om forteljinga om flukta frå kvardagen er kjent, gjer Barlien det på sitt eige vis. Likevel er det dverre akkurat i skildringa av flukta at romanen er på sitt svakaste. Motivasjonen er der, men verkar ofte for



### bokmelding

Maren Barlien:  
*Einbreid bru*  
Samlaget, Oslo, 2023

vag, samstundes som teksten til tider vert for overforklarande. I eit par passasjar held Barlien lesaren rett og slett for hardt i handa. Men med ein gong ein kjem seg forbi desse delane, fungerer det meste godt. Spesielt sterkt skildra er relasjonen mellom Astrid og den gamle hestebonden Guðmundur.

Her ligg det mykje latent i dialogen, og i løpet av romanen utviklar forholdet deira seg i takt med hestetråkket, snøfallet og fuglekwitteret.

Romanen skin særleg når det dreier seg om naturen eller forholdet mellom Astrid og hestane. Her er det tydeleg lagt mykje omhug i personlegdommane til både fjell, vár og dyr, og lesaren kan fort kome til å ynske seg meir, for det ligg absolutt til rette for vidare utvikling av dei ulike aspekta i teksten. Ved enden av boka sit eg att med ei kjensle av at det var rom for meir, og at Barlien kunne ha tillate seg å utbrodere fleire stader. Eg vil vite meir om hestane, om Astrid og framtida hennar, og om dei hinta me får av magisk realisme her og der.

*Einbreid bru* er ein roman om røyndomsflukt i det tjugefyrste århundret, men utmerker seg mest i det små, i dei knappe dialogane og det usagte. Maren Barlien har levert ein undrande og lovande debutroman.

Jógvan Helge Gardar

# På tide med Proust

Eit av litteraturens mest markante **je** vert endeleg eit **eg**. Den siste i rekka av **ny-norske klassikarar** er ein verkeleg godbit.

■ Margunn Vikingstad og Skald forlag prøvar seg på litt av eit vågestykke når dei gjev ut den fyrste nynorske omsetjinga av Marcel Proust. Ikkje berre må ein tolle samanlikning med Proust sjølv, ein av dei høgast respekterte romanforfattarane frå 1900-talet, men òg med den monumentale riksmålsomsetjinga til Anne-Lisa Amadou, som kom ut i tolv bind mellom 1963 og 1992. Med Karin Gundersons revisjon frå og med hundreårsjubileet for fyrste band i 2013, er ho den einaste som til no har vore tilgjengeleg på norsk.


## Naturleg start

Det er ikkje utan førebilete at Skald gjev ut *Swanns kjærleik* som enkeltståande verk. Den andre delen i den franske originalutgåva er nok den mest lesne, og han er ikkje sjeldan å sjå i separate utgåver på andre språk. På bokmål har han til dømes kome ut åleine som del av Århundreds bibliotek. Slik sett er dette ein naturleg stad å starte, sjølv om lesaren fort kan kome til å ynskje seg meir. Både form og innhald skil seg nemleg markant frå resten av romansyklusen, og historia er til ein viss grad fråkopla resten av verket. På den andre sida får ein ikkje lese stort om madeleinekaker eller det ufrivillige minnet.

Den velkjende soga om kjærleiken mellom Charles Swann og Odette de Crécy er eit avgjerande vendepunkt i romanen. Ho står på eigne bein, men peikar samstundes både fram- og baketter i verket. Det er her me først får ein skikkleg introduksjon til sjalusien som skal prege seinare band, medan me òg får eit meir nyansert syn på oppvekstskildringane i fyrste del, *Combray*. Det er òg her me får nokre av dei mest minneverdige scenene frå det parisiske selskapslivet: Både middagane hjå ekteparet Verdurin og den kostelege soareen hjå markisa av Sainte-Euverte er godt på høgde med mykje av det ein får servert seinare.

## Særeigen skrivestil

Ein kan fint lese dette bandet for seg, som ei frittståande kjærleksforteljing. Det er ei skiftande og nyansert framstilling, der Proust utset oss for



## bokmelding

Marcel Proust:

*Swanns kjærleik*

Omsett av Margunn Vikingstad  
Skald, Leikanger, 2023

ein storm av forelsking, trong, uro, svartsjuke og fortvilning. Skrivestilen er særegen og spesialisert for denne delen. Ulik resten av verket er den overordna forteljaren nesten ikkje til stades i teksten, og narrativet er utforma på ein så generalisande og distansert måte at det kan likne ein draum eller eit minne. Dét heng naturleg nok i hop med måten stykket passar inn i konteksten i romanen, men gjev òg ei unik lesaroppleving innanfor desse permane. Samstundes er Proust alltid i stand til å setje fingeren på dei minste detaljane ved ein kjole eller å gjere ein figur sprell levande ved hjelp av ein kreativ metafor.

Det er imponerande i seg sjølv kor godt stykket fungerer åleine, og det er vanskeleg å sjå at det ikkje kan måle seg mot dei fremste frittståande romanane i sjangeren. Likevel kan ein kritisk lesar kjenne seg noko avkorta ved slutten av boka, når ho ebbar ut ein lite tilfredsstillande slutt. Her vert den manglende konteksten frå resten av verket spesielt tydeleg.

## Tolmodig omsetjar

Margunn Vikingstad lukkast langt på veg med å gje Proust ei frisk og moderne nynorsk språkdrakt. Ein del formelle vendingar er tona ned og høfleg tiltale er ute, men stilten forblir umiskjenneleg proustiansk. Omsetjinga manøvrerer også grasiøst i alle dei franske relativsetningane som ikkje kan omsetjast ord for ord til nynorsk, sjølv om teksten må inngå kompromiss her og der – noko anna kan ein nok ikkje vente. Vikingstad tek omhyggjeleg vare på den særegne driven i dei karakteristiske lange setningane: Det er aldri vanskeleg å følgje samanhengane, sjølv når det går sider mellom kvart punktum. Dét vitnar om eit stort tolmod i omsetjingsarbeidet, for her er det ofte mykje som skal passe i hop. Heldigvis kjem omsetjaren seg heilskinna gjennom dei aller fleste krumsspringa i originalteksten, alltid med eit øyra for humoren og ironien som ligg latent i verket. Der det er naudsynt, tek ho seg òg fridomen til å setje inn nye ordspel. Det franske «*Blague à tabac?*» vert til «Frå spøk til revolver?», slik at den klumsete dokter Cottard trampar akkurat like hardt i klaveret som han gjer i originalen. Slike små grep her og der gjev teksten eit kledeleg og varsamt preg av vår eiga tid.

Der Anne-Lisa Amadou la seg på ei nokså konservativ line og argumenterte godt for det, har Vikingstad funne ein ny måte å gjere Proust på. Omsetjinga flyt godt gjennom heile bandet, og det er synd dette er alt me får i denne omgang. Vonleg får forlaget blod på tann og får i stand ein heilskapleg nynorsk Proust i nær framtid.

Dette opplaget er diverre noko skjempt av altfor mange trykkfeil. Mest graverande er det på klaffen, der Proust har fått livsløpet til Bruno Schulz. Det framstår nokså slurvete i ei utgjeving som elles har så mange gode sider.

Jógvan Helge Gardar

# Styresmaktene motarbeider nynorsk og talar med to tunger

■ Språklova paragraf 1 seier at offentlege organ har «eit særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukte språket». Eg definerer skuleverket, frå barnehagar til vidaregåande skular, som offentlege organ. Er det slik at skuleverket fremjar nynorsk?

Svaret mitt er nei.

Å blanda nynorsk- og bokmålselevar i same klasse fremjar ikkje nynorsk. Eg vil definera ein bokmålselev som ein elev som har lærebøker på bokmål. Elevar som har bokmålsbøker, vil òg som oftast verta innrapporterte til Statistisk sentralbyrå som bokmålselevar. Slik er det til dømes for andreklassane på Odda barneskole.

Astrid Marie Grov, dåverande redaktør i Norsk Tidend, skreiv i Norsk Tidend nr. 4 2020: «På mange nynorskskular er det somme stader – særleg i dei nynorske randsone – snarare regelen enn unntaket å finna bokmålselevar.» Vidare skriv ho: «På skular med bokmål som opplæringsmål er det svært, svært sjeldan å finna nynorskelevar.»

Opplæringslova som gjeld i dag, seier at «foreldra vel skriftspråk i lærebøkene til elevane til og med 7. trinnet. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet». I den nye opplæringslova som tek til å gjelda frå 01.08.2024, står det: «Foreldra til elevane vel om lærermidla skal vera på bokmål eller nynorsk.» Rett nok står det i den nye opplæringslova at «elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruka det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen.» Korleis er så praksis i dag?

I Arna går nynorsk- og bokmålselevar i same klassen. Dette er opplyst i eit referat frå eit møte Bergen Mållag, Arna Mållag og Noregs Mållag hadde med Bergen kommune 10.06.2021. På Sauland skule i Hjartdal kommune hadde knapt ein fjerdedel av elevane i 2020 bokmål som opplæringsmål, trass i at nynorsk var det offisielle språket til skulen, jf. oppslag i Norsk Tidend nr. 4 2020. På Jendem skule i gamle Fræna kommune hadde berre 22 av 160 elevar opplæring på nynorsk i 2021, trass i at skulen var ein nynorskskule, jf. oppslag i Norsk Tidend nr. 2 2021. På Grasdal skule i gamle Meland kommune gjekk éin elev – Molly Grotle – over til å skriva bokmål i 5. klasse i 2021. Dette kan me lesa i Norsk Tidend nr. 5 2021.

Alt det som kjem fram ovanfor, er lovbro. Og konsekvensen er at bokmålet tek over.

Som ein kan sjå av tala frå Telemark, er det eit stort fråfall frå nynorsk i skulen:

*I Telemark skjer det største frafallet i løpet av grunnskolen. Blant elevene som startet i 1. trinn i Telemark høsten 2001, var 17 prosent nynorskelever. Ved starten av 10. klasse høsten 2010 var andelen falt til 9 prosent, og på vidaregående våren 2013 var den 6 prosent.*

Teksten og tala ovanfor er henta frå Innst. 68 S (2016–2017): Innstilling til Stortinget fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen. Dokument 8: 116 S (2015–2016).

For eit par år sidan var det berre 12 nynorskelever i 10. klasse på Garnes barne- og ungdomsskule i Arna. Dette utgjorde bortimot alle nynorskeleverne i 10. klasse i Bergen kommune. I gamle Meland kommune var det i 2017 97 bokmålselevar og 143 nynorskelever på ungdomssteget, medan det i 2019 var 142 bokmålselevar og 151 nynorskelever på



Illustrasjonsfoto: Pixabay

ungdomssteget. Det var då 18 elevar som hadde bytt frå nynorsk til bokmål då dei byrja i 8. klasse. På Salhus skule går alle elevane over til bokmål i ungdomsskulen. Totalt i Bergen og kommunane kring Bergen var det i 2019 271 elevar som gjekk over til bokmål då dei byrja i 8. klasse.

Om me seier at det er 27 elevar i kvar klasse, tyder det at 10 klassar forlèt nynorsk i overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen.

## Kva må gjera?

Det skal ikkje gå bokmålselevar i nynorskklasar. Slik var det i Odda før språkdelinga vart oppheva på ungdomssteget frå og med skuleåret 2016/2017. Og eg tek opp att: Ein bokmålselev er ein elev som har lærebøker på bokmål. Er nynorsk det valde opplæringsmålet på skulen, skal elevane ha nynorsk som opplæringsmål/hovudmål heile vegen til og med 10. klasse. I Odda var det aldri noko målbyte mellom barnesteget og ungdomssteget fram til skuleåret 2016/2017 då kommunestyret, av økonomiske

grunnar, oppheva språkdelinga på budsjettet for 2016. Ja, jamvel konfirmantane i Odda var språkdelte. Umogne born på 12 år skal ikkje ha rett til å byta skriftspråk, for språket er ein sentral del av den lokale kulturen.

Elles er det verdt å ta med at Oddamodellen, det vil seia språkdeling på ungdomssteget, vert ei allmenn og landsdekkjande ordning frå og med skuleåret 2024/2025. Dette vil motverka fråfallet frå nynorsk grunna språkblanda klassar. Og born, slike som Molly Grotle, skal ikkje ha lov til å byta hovudmål korkje på barnesteget eller på ungdomssteget.

I innstillinga frå kyrkje-, utdanning- og forskingskomiteen i samband med Innst. 68 S (2016–2017) skreiv komiteen: «Komiteen understreker at å sikre at nynorsk, som det minst brukte skriftspråket, har gode rammevilkår i grunnskolen er en viktig politisk oppgave.» Og så gjer styresmaktene det motsette når dei m.a. godtek bokmålselevar med bokmålsbøker i nynorskklassar på nynorskskular.

I den vidaregåande skulen tilskundar styresmaktene målbyte med å gjera sidemålet til trekkfag på eksamen. Det vil seia at ein mindre del av elevane kjem opp i sidemål i den vidaregåande skulen.

Og i tillegg vert det ikkje stilt like krav i hovudmål og sidemål. Det siste er ei vurderingsordning som er innført dei siste åra.

Då er det ikkje underleg at berre 4 prosent av elevane på Sotra vidaregåande skule har nynorsk som hovudmål, trass i at nynorsk har vore det dominante opplæringsmålet i dei tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Rammevilkåra for nynorskeleverne er ikkje gode nok. Her er systemsvikt som går ut over nynorskeleverne. Konsekvensen er eit stort målbyte, jf. tala frå Telemark.

Knut O. Dale

**“Ein bokmålselev er ein elev som har lærebøker på bokmål. Er nynorsk det valde opplæringsmålet på skulen, skal elevane ha nynorsk som opplæringsmål/hovudmål heile vegen til og med 10. klasse.”**

Knut O. Dale



Illustrasjonsfoto: Pixabay

# Vøling etter vandalisme

I Dag og Tid den 13. oktober er det prenta eit utdrag or Jan H. Landro si bok: *Jon Fosse - enkelt og djupt – om romanane og forteljingane hans*. Der kan me mellom anna lesa om Fosse sitt syn på gjeldande nynorsk-rettskriving (2012-normi):

«Mange, mellom dei eg, meiner at ein med norma frå 2012 i mangt godtok altfor mykje frå den samnorske nynorsken, godtaking av tenkja utan j, bølgje utan j, til dømes, er språkleg vandalisme.»

Kj og gj i trykklett staving er eit av sermerkji som skil nynorsk frå bokmål både i skrift og tale.

Framgangen til landsmålet først på 1900-talet gjorde styresmaktene urolege for at Noreg skulle verta tospråkleg. Alt i 1901 sa Gunnar Knudsen i Stortinget at «vort lille folk på 2 mill. har virkelig ikke raad at splitte sig i to sprogrupper.»

Den 20. februar 1909 leverte H. Eitrem, Amund B. Larsen og S. Schjøtt: *Utredning av spørsmålet om et mulig samarbeide mellom landsmaal og riksmaal i rettskrivningen til Kyrkjedepartementet*, som den 28. oktober året før hadde tinga denne utgreiingi.

Med støtte i den vart j-lause former som *menneske, ynske, bekker* tekne inn i 1917-rettskrivingi som obligatoriske former. Det galdt nokso mange ord og var eit viktig steg i arbeidet med å gjera nynorsken meir lik bokmålet.

Knappe 20 år seinare, den 25. april 1936, skreiv Noregs Mållag si rettskrivningsnemnd, der mellom andre Sigurd Kolsrud og Gustav Indrebø sat, merknader til det som skulle verta 1938-rettskrivingi. Om *g og k (sk)* i trykklett staving skreiv dei mellom anna:

«Men sterke grunnen mot dette brigdet er at *-ge* og *-ke (-ske)* [i staden for *-gje* og *-kje (-skje)*, merknad AL] utan tvil vil verka

på lese- og segjemåten; «hard» uttale av *-g* og *-k* i endestavingar vil breida seg. Lesemåten i bokmålet vil få avgjerande verknad når skrivemåten vert den same. I skular med bokmål til hovudmål vil «hard» uttale straks verta den vanlege. Lesemåten vil so verka på «kateteruttalen». Den røynsla ein har gjort sidan 1917 med *veger* og *sekker* [som høyrer til same ordflokk som *bekker*, merknad AL] og andre j-lause former peikar avgjort i den leida. Skrivemåten utan *j* vil sikkert føra til at mjuk *g* og *k* taper meir og meir av sitt umråde i målet. Men «mjuk» *g* og *k* har vore eit karakteristisk drag i norsk mål. Og i dei ordgruppene det her først og fremst gjeld, er den «mjuke» segjemåten utbreidd i største delen av landet. Ein bør då halda på skrivemåten med *j*, av di dette er heilt naudsynlegt der som ein vil verna um den mjuke segjemåten.

Ein bør då også taka opp til dryfting skrivemåten i ord der *j* vart stroken i 1917, men der ein berre kann godkjenna segjemåten med mjuk *g* og *k* (t. d. *hækjen, menneske*).»

Men styresmaktene ville ikkje restaurera *menneske, ynske, bekker* til *menneske, ynske, bekker*. 1938-rettskrivingi strauk tvert om *j-en* i verbalsubstantiv som *tenkjing* og *leggjing* i strid med systemet i nynorsk, jf. Ivar Aasen: *Norsk Grammatik § 139, Anm.*:

«Navneord på ‘-ing’ have almindeligst kun ‘j’, når Stammeordet har ‘j’ (f. Ex. *Søkjing, Rykkjing, Leggjing*), men ellers ikke (f. Ex. *Baking, Draging*).»

2012-normi gjeng vidare og tillèt at verb og linne hokjønnssord som til 31.07.2012 hadde former med *gj* eller *kj* som hovedform, og former utan *j* som klammeform, kan ha *gj* og *kj* eller *g* og *k*: *å tenka/tenkja; ei brygge/ei brygge*.

Det vert heller ikkje stilt krav om gjennomførd bruk av *j* i desse ordgruppene i ein tekst, eventuelt det motsette; ein kan blanda. Det er berre krav om konsekvens ord for ord. Dersom ein skriv *byggja*, må ein også skriva *byggjer*, men ein kan i same teksten skriva *tenka* og *tenker*.

Dette er *normopplosning*. Det er destabilisering sett i system, presentert som valfridom.

Tilnæringspolitikken var eit språkpolitiske eksperiment som havarerte.

Bokmålet fekk si restaurering i 1981 og 2005, slik at sokalla moderat bokmål no med få undantak fell saman med riksmål.

Men nynorsken har ikkje fenge nokor tilsvarande restaurering.

Staten fører soleis i røyndi ein tofrontskrig mot nynorsken: Manglande jamstilling over lang tid, kombinert med ei norm som påtvingar og opnar for ei glideflukt inn i bokmålet.

Noregs Mållag fører ein viktig kamp for jamstilling, men har samstundes godteke 2012-normi. Men dersom nynorsken, som me stirr for jamstilling for, vert oppsmuldra og smuldrar bort medan denne striden gjeng føre seg, so vert striden til fanychtes.

*Tenke. Tenking. Sitte. Ligge.* Det som var bokmål i går, er nynorsk i dag. Innsiki og kunnskapen til Aasen, Kolsrud og Indrebø ser ut til å vera borte hjå dei leiande krinsane i Noregs Mållag.

Utgjevingi av *Nynorsk ordliste – tradisjonell og einskapleg norm*, som no også er tilgjengeleg på [www.ordnett.no](http://www.ordnett.no), er ein freistnad på hindra ei slik oppsmuldring. Ho byggjer i all hovudsak på læreboknormalen som galdt fram til 2012, men former som frå 1917 vart tekne inn i nynorsken med det føremålet å tilnærma nynorsken til bokmål, er i stor grad fjerna. Ordlista godtek også i-mål innanfor desse råmene, slik dette innleggjet er eit døme på.

Eg vonar at åtvaringi frå nobelprisvinnaren Jon Fosse kan få nynorskfolket til å vakna og krevja at også nynorsken vert vølt etter 100 års vandalisme.

Voss, den 4. desember 2023  
Arvid Langeland,  
leiar i Nettverket  
for tydeleg og enkel nynorsk

**“Staten fører soleis i røyndi ein tofrontskrig mot nynorsken: Manglande jamstilling over lang tid, kombinert med ei norm som påtvingar og opnar for ei glideflukt inn i bokmålet.”**

Arvid Langeland

# «Jettar» vi norsk og «joinar» engelsk?

I dag kan du høyra ungdom tala om at dei «jetta» noko, og «joina» noko anna. Og dette fell dei heilt naturleg, nett slik når eg fer frå skulen, og fer til bussen.

Kva er det med denne engelsken i norsk? Kvifor er det slik at det skal vera noko svært? Og kva er det med denne nye norsken?

I dag skal alt omsetjast, endrast, og skiftast ut til noko mindre støytande, og meir femnande, eller *inkluderande*, for det bør helst koma frå latin. Du veit ordet «rådmann», som har rota si i norrønt, og med alt for krenkande tone overfor kvinner, so det kunne me ikkje ha noko av. Då vart det mykje betre med den *inkluderande* tittelen «kommunedirektør», og lata norsk mål viskast ut. For kven vil vel ha norsk? Ikkje offentlege organ, i alle fall. Det kan me sjå på det statlege selskapet; VY, som kjem frå fransk, og tyder «å sjå». Det er mykje betre det enn det gamle «Norges statsbaner», skipa i 1883, som knytte landet saman mellom aust og vest, og skulle endra landet for all framtid. Nei, dette vart berre viska ut, og avløyst med det jálete ordet frå fransk, som skal få oss til å sjå framover, og ikkje tenkja på kvar me har vore, eller kvar me er no. Dette ordvalet vart dessutan klandra av Språkrådet, då dei endra namnet til VY. Alle desse endringane, verkar dei? Om målet er likestilling og omfamning, er det slik ein når det målet?

Eg lærde å skriva nynorsk på skulen, og det er eg glad for at eg fekk læra. Men målet er ikkje berre noko me skriv og talar, men òg ein arv, ein kulturarv. Det å erva handlar om å bera vidare, vidare til borna våre, slik foreldra våre gjorde ein gong. Er ikkje norsk noko å bera vidare? Kulturarven er ikkje noko me berre skal brenna, eller? Set me pris på om nokon brenn ned ei stavkyrkje?

I protest mot anglofiseringa av norsk, skriv eg ein meir tradi-



Illustrasjonsfoto: Pixabay

sjonell nynorsk, og det lær godt òg, tykkjer eg. No er jo dessutan Jon Fosse sterkt i vindin, sidan han fekk tildelt det gjævaste ein forfattar kan få i verda, nobel-prisen i litteratur, og dermed har òg nynorsken fått seg eit løft, men kor lengje vil det vara? Og kva hender med målet vårt om ungdommen «jetta» norsk, og «joina» engelsk? Vil norsk klara å overleva?

Sæmund Helde

**“I protest mot anglofiseringa av norsk, skriv eg ein meir tradisjonell nynorsk, og det lær godt òg, tykkjer eg.”**

Sæmund Helde

## Normering av dialekter – svar til Lars S. Vikør

Lars S. Vikør legg fram nokre særsmidde tankar i Norsk Tidend 5/23. Problemet han tek for seg, er ålmant og omstridd, og handlar om dialekt og nynorsk i NRK. Mange har meininger om det, og motstridande; naturleg nok.

Men der Vikør trakk over, er på eit meir generelt nivå: Normering av talet. I mi studietid fanst berre to normerte språkformer innan norsk språk, og det var (og er?) dei to skriftformene. Språkrådet sitt domene er berre desse to, og eg har ikkje kjennskap til at det finst nokon offentleg eller privat instans som før eller no har som mandat å normera dialekt.

Talemåla i NRK er alle jamførande med talaren si dialekt.

Vikørs observasjonar omkring nordnorske dialekter kan vel dei fleste av oss fylgja greitt, og at nynorskseksjonen innehold eit visst overmål av folk frå Nord-Vestlandet – Sunnmøre og Nordfjord-områda særskilt; det er nok både eg og mange på tankar om.

Men derifrå til å snakka om normering; nei, det er «newspeak». Rett nok innehold Vikørs arbeid med Norsk Ordbok både nynorskord og dialektord, men noko normerande oversyn over grammatikk og syntaks i dei skilde dialektene, eller noko

lov- eller regelverk som kan styra offentlege inngrep her, det ser ikkje eg føre meg i det heile.

Eg ser det som offentleg fastsleger, at normering kan gjenomførast på skriftmål, og ikkje på talet. Sjølv ikkje NRK har nokon som røkjer etter om dei dialekt-talande medarbeidarane deira held seg «innafor», på anna vis enn at dei har pålegg om ikkje å verta for utslede eller uforståelege. Det er også for mange «bør» i retningslinene, til at dei kan bli meir enn personleg rettleiing. Utdrag av NRKs reglar:

«2.1 Språket skal være tydelig med naturlig betoning og munt-

lig setningsbygning. 2.2 Medarbeiderne bør være konsekvente i bruken av ord- og bøyningsformer innenfor det enkelte innslag eller program. 2.3 Det bør ikke brukes ord eller uttrykk som er lite kjent eller uforståelige for målgruppa.»

Eg heiar på Noregs Mållag sitt engasjement med dialekter, og tykkjer at det godt kunne vore lagt meir arbeid i dokumentering og fremjing av munnleg dialekt-bruk. Men dialekt-normering i større samanheng svarar seg truleg ikkje eingong for ordboks-redaktørar.

Bjarte Rundereim, Gol, pensj. adjunkt

## Her hamna Hulda på reisene sine

Hulda var mykje på reisefot gjennom eit heilt liv. I kvissen om Hulda-reisene i Norsk Tidend nr. 5 i 2023 kunne du besøka eit utval av dei stadene ho har vore. Reiseruta hadde på ingen måte noko med kronologien i hennar mange reiser å gjera, men plassane hadde det til felles at Hulda hadde vore der.

### Fasit på leietrådar

Kvar
1 Bandet Return med songen Bye Bye Johnny kom frå Stange. Det same gjer finansminister Vedum som kleddde seg ut som fugleskremsel under Mas-korama sesong 1, då han song «Langt å gå» av Klovene i kamp. Dama som gifta seg er Hulda som gifta seg med Arne Garborg. Jønsberg vidaregåande skule var før landbrukskule, og den eldste i Noreg.
2 Jakob var klengenamnet på den første Volvo-modellen. Volvo = Göteborg. Heilag Olav vann i terningkast, Hisingen. Gothia-cup samlar ungdommar.
3 P.S.Krøyer, Skagenmålar med norsk opphav. I pinsen kalka dei husa gule, har blitt eit kjenneteikn på byen. Stjernesokt er ein raudspette-rett kjent for Danmark og fiskebyar.
4 På riksmuseet i Amsterdam kan du sjå Rembrandt sitt verk <i>Nattevakten</i> . Johan Cruyff med si kjente fintre har fått nasjonalarenaen kalla opp etter seg. Langs kanalen kan du sjå historiske bygg kalla Dancing Houses.
5 Paris var nesten ferdig utbygd etter dei store byplanleggingsreformene frå slutten av 1800-talet, då Edith Piaf, den vesle sporven, blei tatt med på pilegrimsferd til Lisieux. Der, under relikviane til den vesle blomen, St Teresa av Lisieux, blei augo hennar på mirakuløst vis friske. Claude Monet sleit med synet på sine eldre dagar. Emma Watson, kjent for å spela Hermine i Harry Potter, er fødd i Paris.
6 <i>Erotikk i sommerkveld</i> og <i>Visjon</i> er to verk som Munch stilte ut på den skandaliserte debututstillinga si. På Das Klo har dei toalett-tema på heile baren, og bandet Rammstein har tatt namnet sitt frå Ramsteinulykka.
7 <i>Inglorios basterds</i> av Tarantino er spela inn i m.a. Görlitz. Filmen er i spaghettiwestern-form og hyllest, men lagt til 2. verdkrigsen. Görlitz ligg lengst aust i Tyskland og får derfor sjá sola først. Første Oscar-vinnar for beste skodespelar, Emil Jannings, budde her ein periode.
8 Den astronomiske klokka i Praha har fått sin kopi i Hongdae-regionen i Seoul. Han som laga originalen, Master Hanus, blei blinda for aldri å kunne laga ein kopi. Judah Loew skapte ein Golem av leire, men det gjekk ikkje godt. Ikonet er her Mick Jagger, ei stund gift med Marianne Faithfull, som feira 60-årsdagen med blåtråt i Praha, bl.a. med Vaclav Havel.
9 Elva gjennom München heiter Isar, etymologisk ant. keltisk opphav. Oktoberfesten går tilbake til då prinsesse Therese av Bayern gifta seg med Ludvig av Bayern i 1810. I 1972 var det eit terrorangrep under olympiadens. Richard Strauss var frå München. Han komponerte verket Salome.
10 Her ligg No Show Museum som viser fram ulike verk om ingenting, FIFA sitt hovudkvarter ligg her. Jules Rimet var president i FIFA og fekk eit trofé oppkalla etter seg, Jules Rimet-trofeet. Den pokalen vann Brasil då dei vann VM for tredje gong. Lenin var i eksil i Zürich før han reiste heim for å leia Russland.
11 Pianisten og mangemillionæren Trond Myhre, frå <i>Du skal høre mye</i> , flytta til Luzern i 2022. Nietzsche regisserte bilde av seg sjølv og Paul Ree som kusk, saman med Lou Salome som heldt pisken. Løva er ein skulptur hogd inn i fjellet for å minnast Kong Ludvig den 16 sin sveitsargarde som mista livet under den franske revolusjonen. Kongen måtte i giljotinen.
12 Venezia er kjent for sine masker til maskeradar, og overalt kan du kjøpa desse i dag. Venezia var eigen republikk heilt til Napoleonskrigane, etter krigar og politisk spel enda dei opp som ein del av Italia. Napoleon seiest å ha innført høgrekøyring då han organiserte militærvesenet sitt. Under filmfestivalen i byen kan du vinna gull-love og sølv-love. Kulturarven byen er mest kjent for, er sine gondolar. I dag kan kvinner òg læra seg dette handverket.

Reisa starta i Noreg og Skandinavia, før ho gjekk sørover på kontinentet. Så reiste me vestover og sidan austover, og til sist enda me opp i Noreg igjen. Her er fasiten på kvissen.

**Hallgeir Dale** frå Fjell hadde heile 24 av 25 riktige. Han er vinnar av bokpakke og «Kva ville Hulda Garborg ha gjort?»-t-skjorte. Vi gratulerer!

### Fasit på leietrådar

Kvar
13 Firenze var tidleg kjent for å handla med ull og legga seg opp rikdom. Baptisteriet var utgangspunkt for ein konkurranse der kunstnarar skulle laga bronse-relieffar av «ofringa av Isak». På eit av relieffet til portane ser me engelen Gabriel fortelja Maria at ho skal få ein son. På 1990-talet scora Gabriel Batistuta mange mål for Fiorentina. Florence Nightingale er fødd i Firenze (Florence).
14 Elena Ferrante sin Napolikvartett, utgitt av Samlaget, har gjort mange nordmenn til nynorskbrukarar. Italia vann 32 medaljar same året Maradona signerte for Napoli. Gomorrah er eit kjent verk, med bibelsk ordspel på Camorra.
15 Misjonæren Paulus, før Saul(us), blei skipa til Roma for å stå for keisaren sin dom. Enrico var namnet dei gav Henrik Ibsen då han budde i Roma. Han var ofte på stamstaden sin Caffe Greco ved sida av Spansketrappa. Frank Sinatra song om Trevi-fontena i songen <i>Three Coins in the Fountain</i> .
16 Emile Zola Je'acusse - Deryfus-saka, skreiv romanen <i>Lourdes</i> . Lourdes er kjent pilegrimstad med Madonna-grotte. Jonas Vingegaard vann 18. etappe i Tour de France 2022, han vann òg samanlagt. Traktat av 1360 gav område frå Frankrike til Storbritannia.
17 Barcelona fekk tilbod om å bygga Eiffeltårnet der. Joan Miró er ein surrealistisk kunstnar som sprang i gatene her. Freddie Mercury, med Zoriastarrigion i familien og gravferda, song <i>Barcelona</i> -songen under OL. Same OL Jon Rønningen vann i siste sekund av finalekampen.
18 St. Vincent av Zaragoza sine relikviar blei frakta til Lisboa. Skipet blei omkransa av ramnar på vegen. Skipet og to ramnar kan sjåast i byvåpenet til Lisboa. Kristus-Kongen ser utover byen, som ein kopi av statuen i Rio. Fado er ein kjent musikkart som har sitt opphav i byen. Lisboa-traktaten Eu, blei undertekna her i 2007.
19 Heilag Olav var namnet på båten Hulda reiste til New York med. I New York spelar New York Giants. Ei spalte om hesteveddelen blei kalla «Big apple». Albert Einstein sine øye er oppbevarte i ein bankboks her, og USAs første pizzarestaurant opna i NYC.
20 Herman O. Fjelde var ein norsk lege og målmann som stod bak avdukinga av Ivar Aasen-byste i Amerika, i tillegg til mange andre liknande arrangement. Red River Zoo er oppkalla etter elva Red River of the North som ligg på grensa mellom Minnesota og Nord-Dakota. Astrid Lindgrens Vimmerby er sørstby til Fargo som Coen-brørne brukte som tittel til sin prisvinnande klassikar.
21 Don McClean syng, i «American Pie» om sjokket han fekk då han las at Buddy Holly døydde i eit flykrasj på veg til konsert i Moorhead. På college i byen finn me bystene av Hans Nielsen Hauge og Ivar Aasen.
22 John Gacy, seriemordaren var herifrá. Kledde seg ut som klovn og underholdt i barneselskap. Byen var først ute med å bygga skyskraparar. Roxie frå musikalen Chicago. Ei dame og kvekar vann Nobels fredspris. Obstfelder arbeidde som teknisk teiknar i Chicago.
23 St. Brendan sjøfararen skal ha oppdagat Færøyane før øya blei busett av irske munkar. Parlamentet på Færøyane ligg same stad der norrøne busettingar hadde sine ting. St.Olav er opphav til nasjonaldagen og innsetting av nytt parlament. Under Olavsdagane dansar dei og har kappoing. I Torshavn er buss gratis å sitta på med.
24 Norrøne busettingar kom til byen på 800-talet. Her var ei hamn som var isfrei store delar av året. I dag er det fiskeindustri og eksport herifrá. Det ligg eit universitet i byen. Det raude lyset på trafikklysa fekk hjarteform etter finanskrisa i 2006. Det var for å gjera noko hyggeleg i ei vanskeleg tid.
25 Viss du er i Hvalstad, kan du spasera til Skaugum, tidlegare klostergard. Asker museum styrer diktarbustaden til Hulda og Arne, og der kan du sjá revolveren Arne kjøpte i Paris, og som han skreiv teksten "Soveråd" om på 1880-talet.

# KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Lite krus  
kr 290.00



Pennal  
kr 98.00



Ostehøvel  
kr 250.00



Krus – Skogen stend...  
kr 298.00



Smykke  
kr 600.00



Pledd  
kr 1 950.00



Drikkeflaske (termos)  
kr 450.00



T-skjorte  
kr 180.00



Krus  
kr 298.00

I nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.  
Send ein e-post med tinging til [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no), ring til 23 00 29 35,  
eller gå inn på [www.nm.no/krambua](http://www.nm.no/krambua).  
Hugs at lokallaga får eigne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

# MÅLLAGET INFORMERER

## SØKNAD AKADEMIFONDET

Noregs Mållag skal i 2024 dela ut 400 000 kroner frå Akademifondet til tiltak innanfor folkeopplysing, mål- og kulturarbeid.

● **Søknadsfrist: 31.3.**

● Sjå heimesidene våre for meir informasjon.

## BLI MED I STYRET I DITT LOKALE MÅLLAG

I dei neste vekene er det mange lokallag og fylkeslag som inviterer til årsmøte. På årsmøtet vert det valdt nytt styre i laget. Kanskje du har lyst til å bli med der i år? Vi har fått over 1000 nye medlemer. Ikkje vent på at valnemnda skal spørje deg. Meld i frå sjølv! Det er så mange lokallag som vil tykje det er triveleg å få inn ein ny styremedlem i laget. Det gjer både Mållaget og din eigen kvardag rikare.

Å sitje i eit mållagsstyre treng ikkje å vere så omfattande arbeid. Det kan vere nokre styremøter i året, og ofte set styret i gong dei aktivitetane dei har lyst til. Då sit du rundt bordet og kan kome med gode idear.

## VELKOMEN TIL LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG!

Frå fredag 19. april til søndag 21. april 2024 blir det invitert til det 103. landsmøte i Mållaget. Det blir i Trondheim sentrum på Scandic Nidelven.

Det er mange gode grunnar til å reise på landsmøtet. Denkhardt viktigaste grunnen er inspirasjonen det gjev.

Det er spennande debattar, ny kunnskap og ikkje minst mange gode idear og tips frå folk som er aktive i mållag over heile Noreg. Dessutan vert det kjekt kulturelt program, trivelege bordsete og godt prat i pausane.

Prisen på hotellovernattning, mat og reise har auka mykje siste åra. Det merkar Mållaget også. Men trass i noko høg pris, vil vi påstå at det er verdt pengane. Sidan det er landsmøte berre annakvart år, vonar vi å



sjå utsendingar frå flest mogleg ulike lag denne helga. Vi drøftar dei viktigaste utfordringane for nynorsken og nynorskbrukarane i dag, og vonar å gje kveik til utsendingar frå heile landet. Vi vonar nye tillitsvalde som ikkje har vore på landsmøte før, tek turen.

### Programmet

Digitalisering og kunstig intelligens blir eitt av fleire viktige politiske emne. Det vert også kjekke middagar med kulturelt program både fredag og laurdag kveld på landsmøtehotellet.

### Utsendingar frå lokale mållag

Det er lokallaga, fylkesmållaga, yrkesmållaga og studentmållaga som har utsendingsrett til landsmøtet. Sjekk med lokallaget ditt om det er aktuelt om nokon reiser. Kvar enkeltlagsleiar har fått tilsendt informasjon om kva som krevst for å få sendt landsmøteutsending. Påmeldingsfristen er 15. mars 2023.

### Økonomiske støtteordningar til landsmøteutsendingar

Nyskipa lokallag og lokallag med därleg økonomi kan søkja Noregs Mållag om å få tilskot til reise og opphold. I søknaden må de leggja ved rekneskapen for 2023. Søknadsfrist: 1. mars 2024. Send søknad til gro.morken@nm.no



### Tilsette:

**Gro Morken Endresen**,  
dagleg leiar,  
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,  
gro.morken@nm.no

**Erik Grov**, organisasjonsrådgjevar,  
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

**Per Henning Arntsen**, økonomirådgjevar,  
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

**Ingar Arnøy**, skulemållskrivar,  
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,  
ingar.arnoy@nm.no

**Hege Lothe**, informasjons-  
og organisasjonsrådgjevar,  
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

**Vemund Norekvål Knudsen**,  
redaktør og rådgjevar,  
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99  
vemund.knudsen@nm.no

**Frida Pernille Mikkelsen**,  
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,  
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47  
frida.mikkelsen@nm.no

## NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

**Leiar:** Tobias Christensen Eikeland,  
Telefon: 94 89 49 69,  
E-post: tobias@malungdom.no

**Skrivar:** Emma Hinderaker Pedersen  
E-post: emma@malungdom.no  
Telefon: 95 07 88 18

**Kontormedarbeidar:**  
Dordi Bokspap Lerum  
dordi@malungdom.no

**Tilskrift:** Dronningens gate 22  
Telefon: 97 34 28 64  
E-post: norsk@malungdom.no

**Kontonr.:** 3450.65.48707



Prent: Amedia Trykk  
Opplag: 15 200  
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonesar:  
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartsida: kr 3 000,-  
Halvsida: kr 5 000,-  
Heilside: kr 9 000,-  
Legg til avisat: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stoffrist nr. 2, 2024:  
**18. mars**



## NOREGS MÅLLAG

nm.no

### Tilskrift:

Lilletorget 1,  
0184 OSLO

**Telefon:** 23 00 29 30

**E-post:** nm@nm.no

### Kontoradresse:

Dronningens gate 22, 0154 OSLO

**Nytt kontonr.:** 3480.13.83528

**Leiar:** Peder Lofnes Hauge  
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

**Nestleiar:** Synnøve Marie Sætre  
92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

Returadresse:  
Noregs Mållag  
Dronningens gate 22  
0154 OSLO



Nr. 1 • februar 2024

# Norsk Tidend

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**

for hundre år sidan

Visst er det so, at me hev two maal som er jamstellt etter lovi; men gode menn som biskop Støylen og andre av vore fremste, meiner det ber mot landsmaal med oss alle og det med store stig.

Korleis skal saa kristen ungdom fara her? [...] Maalspursmaalet fær han noko med aa gjera anten han vil eller ikkje. Kan eller vil ikkje kristlyndt ungdom sjølv bruka landsmaaet, so lyt han daa likevel skyna det, sanna at maalrørsla veks seg sterke og sterke, og det etter fyresegner som Herren sjølv hev sett i verdi.

[...]

Er so maalrørla av Vaarherre hjelper det litet aa strida imot. Er ho ikkje av Vaarherre, stilnar ho av seg sjølv. Lat han råda for kva maal som veks og vinn. Men styrer han maalvoksteren her som i andre land, vinn det norske med tid og stunder.

**Agder Tidend, januar 1924**

Noregs maallag har [...] holdt aarsmøte i Aal i Hallingdal. [...] Til formand gjenvalgtes professor Koht med 51 stemmer. [...]

I en resolution som er retter til Noreges bank minder maalaget om forrige aarsmøtes henstilling om pengesedler paa landsmaal. Det heter i resolutionen at indskriften paa vore pengesedles fremdeles er paa dansk.

Flommen av falske 10 kronedesdler danner et praktisk grundlag for sakens løsning.

**Nasjonen, januar 1924**

*Om det er smått og gjeng det trått, so skal me endå få det godt; frå dag til dag i små lag me vinn oss fram i lag.*

Arne Garborg, 1908

## på tampen



## Jai Hind

■ Under eit G20-møte i september 2023 nyttja statsminister Narendra Modi utelukkande namnet Bharat framfor India. Bharat er eitt av dei offisielle namna på landet, og det er heller ikkje så rart med tanke på den hindunasjonalistiske politikken Modi fører.

■ Bharat kan sporast tilbake til Vedaane og kjem frå sanskrit, det heilagaste språket for fylgjarar av sanatana dharma (hinduisme; tamilsk er det andre heilage språket). I og for seg er dette ein god ting. Trass i at namnet India au kjem frå sanskrit, brukte britane det om kolonien India, og det er difor naturleg at ein vil endra det. Slik er det au unaturleg at engelsk per i dag fungerer som lingua franca i landet, fordi språket ikkje er heimehøyrande i regionen.

■ Det ein skal merka seg, er at Bharat er hindinamnet på landet. Ein kallar Hindutvarørla for hindunasjonalisme, sanninga er at det fremmar hindinasjonalisme. Hindunasjonalisme har lite med sanatana dharma å gjera.

■ Hindutvarørla fremmar hindi som eit nasjonalt språk. Hindi og hindu høyrest unekteleg likt ut, men hindi er ikkje knytt til livssynt på den måten. Det er mange måtar å be på innan sanatana dharma, mellom anna ber me når me gjer yoga, fasting og meditasjon er andre formar. Ein metode er å resitera mantra. Mantraa er anten på sanskrit eller tamilsk og det finst utruleg mange ulike mantrar, til forskjellige Gudar og med forskjellige føremål. Når ein driv med mantraresitasjon er det utruleg viktig at uttala er heilt rett. Dei ulike orda i mantraen lagar ein spesifikk vibrasjon når du syng. Det er denne vibrasjonen, dette lydbiletet, som er bønnen. Er det ikkje rett, risikerer du som ytste konsekvens å få straff frå Gudane.

■ Sjølv om sanskrit har døydd ut som morsmål, er språket utruleg godt dokumentert og me har gode kunnskapar om korleis ein snakkar det. Forholda for å revitalisera san-

skrit som eit lingua franca, er gode. Det er au meir sannsynleg at forslaget har større slagkraft i Tamil Nadu, der tamilar opplever eit stort press frå regjering og dei nordlege statane om å tala hindi, trass i at tamilsk ikkje berre er eit heilag språk, men eitt av dei eldste levande språka i verda.

■ Hindi var det føretrekte språket til dei invaderande, muslimske mughalane, som spreidde hindi kringom landet. Eg har ikkje noko imot muslimar, men det har hindunasjonalistar. Det er difor merkeleg at trass i at hindi *ikkje* er eit hinduistisk språk, pressar hindunasjonalistane hindi på alle dei andre statane.

■ Ein kan au merka seg at dei hinditalande statane generelt presterer därlegare enn dei med majoritet i eit anna språk. Hinduismen oppmuntrar til å halda *alt* liv heilag, og praktiserer difor vegetarianisme. Å slå i hel muslimar er ikkje i tråd med læra.

■ Ifylgje språkkatalogen Ethnologue finst det per i dag 424 levande språk i Bharat. Fleire av dei er klassiske, gamle språk med lang litterær tradisjon. Samanlikna med språk som tamilsk, kannada og telegu, er hindi ein baby. Men det er ikkje berre alder og litterær tradisjon som gjev verdi, til dømes blir fleire av språka tala av urfolk, eller at folk får tala morsmålet sitt. Sjølv om eg meistrar norsk mykje betre enn tamilsk, blir eg lettare rørt av tamilsk nett av di eg knyter det til amma og appa. Det me no ser, er ei einsretting av Bharat som gjeng imot korleis det tradisjonelt har vore der. Med eit polyteistisk livssyn har toleranse og mangfold vore viktig. Bharat var tidlegare eitt av dei få landa i verda der jødane var trygge, men det er ikkje Modis Bharat. Likevel, den viktigaste årsaka til at hindifiseringa av Bharat gjev årsak til bekymring, er at det er ein trugsel mot ytringsfridomen. Du har ikkje ytringsfridom om du ikkje får ytra deg på det målet du vil. Og det er det alltid verdt å kjempa for.

THARANIGA RAJAH